


Anita Rustad

# Ei undersøking av tilgangen på læringsressursar på nynorsk frå fire marknadsleiande forlag av læringsressursar, mot tilgangen på bokmål



Universitetet i Sørøst-Noreg  
Fakultet for humaniora, idretts- og utdanningsvitenskap  
Institutt for språk og litteratur  
Postboks 235  
3603 Kongsberg

<http://www.usn.no>

© 2023 Anita Rustad

Denne avhandlinga utgjer 30 studiepoeng

# Forord

Denne masteroppgåva markerer slutten på fem års lærarutdanning. I løpet av desse åra har eg lært mykje, ikkje berre fagleg og om det å vera lærar, men òg mykje om meg sjølv. Gjennom arbeidet med masteroppgåva har eg kunne fordjupa meg i eit tema som verkeleg engasjerer meg, og som eg forhåpentlegvis også vil ha nytte av som ferdigutdanna lærar. Sjølv om det til tider har vore eit utfordrande og krevjande arbeid, har det samtidig vore svært lærerikt og spennande!

Når eg nå set punktum for oppgåva er det mange som fortener ein takk. Tusen takk til norskforelesarane ved USN som verkeleg har inspirert med sitt brennande engasjement rundt norskfaget, og som har vist at faget handlar om så mykje meir enn berre rettskriving og tekstproduksjon. Eg har ikkje angra eit sekund på at eg valde å ta fordjuping i norsk! Ein ekstra stor takk til min utruleg kunnskapsrike, positive og alltid optimistiske rettleiar, Urd Vindenes, for alle konstruktive attendemeldingar og ei viktig støtte gjennom arbeidet. Eg er takksam for å ha fått samarbeide med deg og for at du har ført prosjektet mitt trygt i hamn saman med meg. Ditt engasjement har motivert meg gjennom heile prosessen og gjort det å skrive ei masteroppgåve til ei positiv oppleving.

Sist men ikkje minst, tusen takk til familie og venner for all omtanke, støtte, forståing og tolmodigheit. Dykk har vore ein fantastisk heiagjeng og stått ved meg, oppmuntra, motivert og hatt trua heilt fram til mål!

Skjåk, mai 2023

Anita Rustad

## Samandrag

Engasjerte nynorskbrukarar og nynorskentusiastar har i fleire tiår engasjert seg for å sikre læringsressursar på nynorsk på lik linje som på bokmål. Til tross for over femti år med iherdig kamp, store skulestreikar, nye læreplanar og ei stadig digitalisering i skulen, er saka like aktuell i dag. Dagens opplæringslov lovfestar at det i andre fag enn norsk berre kan nyttast læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris (Opplæringslova, 1998, § 9-4), medan retten til læremiddel på ynskt skriftspråk er vedteke i forskrift til opplæringslova (Forskrift til opplæringslova, 2006, § 17-1). Likevel viser undersøkingar og studiar frå dei siste tiåra at læremiddel på nynorsk stadig kjem for seint (Gro, 2021), at mange ressursar ikkje er tilgjengelege på nynorsk (Myking, 2018; Noregs Mållag & Norsk Målungdom, 2001) og at ein i mange av dei ressursane som faktisk finst på nynorsk møter mykje bokmål, slurv og feil (Skjelbred et al., 2013). Med bakgrunn i den auka digitaliseringa i skulen og innføringa av nye læreplanar i 2020, er målet med denne studien å undersøke dei nye ressursane frå fire forlag, med utgangspunkt i følgjande problemstilling: *Korleis er tilgangen på digitale læringsressursar på nynorsk frå fire marknadsleiande forlag av læreverk, mot tilgangen på bokmål, og korleis er den språklege kvaliteten i dei same ressursane?*

Gjennom ei overordna analyse av språkleg tilgjengelegheit og ei kvalitativ analyse av språkleg kvalitet, viser resultata av studien mykje av det same som tidlegare forskning. Av dei ti undersøkte ressursane, var ni tilgjengelege i parallelle versjonar på bokmål og nynorsk, medan den siste ressursen berre var tilgjengeleg på bokmål. I bokmålsversjonane av ressursane var det eit gjennomgåande godt gjennomarbeidd språk og god språkleg kvalitet, medan ein i mange av dei parallelle nynorskversjonane såg eit mindre gjennomarbeidd språk prega av slurv og hastverksarbeid. Av dei ni ressursane som fanst som nynorskversjon, hadde sju av dei i varierende grad innslag av ord som ikkje er i tråd med offisiell nynorsk språknorm. Dette var alt frå nokre få enkeltord på bokmål inni mellom, til heile setningar og oppgåvesamlingar på bokmål, men også bruk av ord som ikkje er i tråd med dei offisielle språknormene verken på nynorsk eller på bokmål. Av studien ser ein altså at sjølv om dei fleste ressursane overheld krava om at dei skal ligge føre på nynorsk og bokmål til same tid, er kvaliteten i nynorskversjonane likevel dårlegare og nynorskelevar møter eit dårlegare tilbod av læringsressursar på sitt eige språk.

Konsekvensane av eit dårlegare tilbod av læringsressursar på nynorsk går ikkje berre ut over den enkelte elev som ikkje møter og lærer språket ein har ein lovfesta rett til å lære, men det vil også verke svært negativt inn på nynorsk som eit likeverdig bruksspråk i det norske samfunnet når nye språkbrukarar ikkje lærer språket og derfor vel bort nynorsk til fordel for bokmål.

# Innhold

<b>Forord</b> .....	<b>2</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>Innhold</b> .....	<b>4</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>6</b>
1.1 Bakgrunn for val av tema.....	6
1.2 Lovfesta bestemningar om nynorsk og bokmål i skulen.....	7
1.3 Tidlegare forskning .....	9
1.4 Avgrensing og problemstilling.....	11
1.5 Utval.....	11
1.6 Omgrepsavklaring.....	12
1.6.1 Læremiddel, læringsressurs og læringsverktøy.....	13
1.6.2 Målform og skriftspråk .....	14
1.6.3 Kapittel, tema og oppgåver .....	15
<b>2 Teoretisk forankring</b> .....	<b>16</b>
2.1 Språk, identitet og identitetsforhandlingar.....	16
2.2 Språknormer, språknormering og implementeringskjeda.....	19
<b>3 Metode for datainnsamling</b> .....	<b>21</b>
3.1 Metode.....	21
3.2 Forskingsetiske vurderingar .....	22
<b>4 Resultat</b> .....	<b>23</b>
4.1 Del 1 – overordna analyse av språkleg tilgjengelegheit.....	23
<i>Tabell 1</i> .....	23
<i>Tabell 2</i> .....	23
4.2 Del 2 – kvalitativ analyse av språkleg kvalitet.....	24
4.2.1 Cappelen Damm – <i>Skolen norsk og matematikk</i> .....	24
4.2.2 Gyldendal – <i>Skolestudio</i> .....	26
4.2.3 Aschehoug univers – <i>Fabel og Matemagisk</i> .....	28
4.2.4 Fagbokforlaget – <i>Ordriket og Volum</i> .....	30
<b>5 Diskusjon</b> .....	<b>33</b>
5.1 Oppsummering av dei viktigaste funna.....	33
5.2 Mine resultat mot tidlegare forskning.....	35

5.3	Drøfting i ljøs av teori.....	36
5.3.1	Konsekvensar på individnivå.....	36
5.3.2	Konsekvensar for nynorsk som eit likeverdig bruksspråk.....	39
<b>6</b>	<b>Konklusjon.....</b>	<b>42</b>
	<b>Litteratur.....</b>	<b>44</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Læremiddel på nynorsk har vore eit aktuelt tema i fleire tiår og ei viktig kampsak for engasjerte nynorskbrukarar. Etter norsk lov er nynorsk og bokmål jamstilte språk, og dagens opplæringslov fastslår elevane sine rettigheter og stiller krav til læremidla som kan nyttast i skulen (Opplæringslova, 1998; Språklova, 2021, § 4). Likevel møter nynorsken stadig utfordringar i skulen og kampen for ei likebehandling av læremiddel på nynorsk og bokmål held fram.

I grunnskulelova frå 1969 vart det lovfesta at alle lærebokverk skulle liggje føre til same tid og til same pris på bokmål og nynorsk, i alle andre fag enn norsk (Grunnskulelova, 1969, § 39). Dette gjaldt derimot ikkje for den vidaregåande opplæringa, og Norsk Målungdom gjekk derfor saman med Noregs Mållag og Norges Gymnasiastsamband om ein storaksjon i 1971 for å endre lova for den vidaregåande opplæringa (Nynorsk kultursentrum, 2021). I løpet av hausten 1971 streika over 30 000 elevar frå 112 vidaregåande skular for å få læremiddel på nynorsk (Almenningen et al., 2003, s. 232). Tre år etter, i 1974, fekk dei gjennomslag, og det vart vedteke i lov om vidaregåande opplæring at alle lærebøker og læremiddel i andre fag enn norsk, skulle liggje føre på nynorsk og bokmål til same tid og til same pris (Lov om vidaregåande opplæring, 1974, § 38). Denne formuleringa finn vi også i dagens opplæringslov, ofte omtala som parallellitetsprinsippet. Til tross for at retten til læremiddel på nynorsk nå var lovfesta, var lovverket i praksis lite verd da det ikkje vart løyvd tilstrekkeleg med midlar til at nynorskelevar fekk dei læremidla dei hadde krav på, og kampen var altså ikkje vunnen (Almenningen et al., 2003, s. 233).

Sidan 1990-talet har læremiddelstriden også stått om definisjonen av og skilnaden på læremiddel, læringsressursar og læringsverktøy (Nynorsk kultursentrum, 2021). Om skulane tek i bruk ressursar som ikkje er utvikla spesielt for skulebruk, er dei ikkje omfatta av lovteksta om parallellutgåver på nynorsk og bokmål, og kan slik føre til ei undergraving av nynorskelevar sine rettar. Da regjeringa i 1997 la fram eit forslag til ny opplæringslov, var det i lovteksta om parallellutgåver ikkje lenger nemnt læremiddel, berre lærebøker (Nynorsk kultursentrum, 2021). Ei slik endring ville svekka nynorsken sin plass i skulen ytterlegare og nynorskelevar hadde mista retten til andre ressursar enn lærebøker på nynorsk. Dette forslaget skapte derfor store reaksjonar og 30 000 elevar streika på ny for retten til nynorske læremiddel (Nynorsk kultursentrum, 2021). Da den nye opplæringslova blei vedteke av stortinget seinare same år, var både lærebøker og læremiddel omfatta av lova (Nynorsk kultursentrum, 2021).

Definisjonsstriden om læringsressurs, læremiddel og læringsverktøy har ikkje vorte mindre aktuell etter tusenårsskiftet, med den stadige digitaliseringa i skulen. Læremiddelsituasjonen har

endra seg, fleire og fleire skular byter ut dei gamle lærebøkene til fordel for digitale ressursar, elevar får tilgang på eigne digitale einingar til bruk i læringsamanheng, og skulekvardagen går føre seg meir og meir på skjerm. Med denne endringa møter elevane i stor grad andre ressursar enn berre dei tradisjonelle lærebøkene, og formuleringa i lovteksta blir sentral for at elevane skal møte sitt hovudmål i alle plattformer. I dagens opplæringslov er både «lærebøker og andre læremiddel» omfatta av parallellitetskravet, men spørsmålet om kva som ligg i formuleringa «andre læremiddel» skapar rom for diskusjon (Opplæringslova, 1998, § 9-4).

I dag, over femti år etter storstreiken for nynorske læremiddel, er altså saka framleis like aktuell. Med nye læreplanar kjem også nye læremiddel, og nynorskelevar opplever stadig å måtte vente lenger på læremiddel på deira målspråk enn bokmåselevar (Gro, 2021). I tillegg kjem dei digitale ressursane, der fleire medieoppslag og tidlegare forskning vitnar om at storparten av ressursane berre er tilgjengelege på bokmål (Langåker, 2018, 2020; Myking, 2018). Nedprioritering av nynorsk i språkteknologi svekker nynorsk som likeverdig norsk bruksspråk og gjer det vanskelegare å styrke og utvikle norsk som samfunnsberande språk (Wetås, 2022). Resultatet av dette er i mange tilfelle at fleire elevar byter hovudmål frå nynorsk til bokmål, som gjer bruken av nynorsk mindre og med det stiller nynorsken enda svakare (Gro, 2021). Med dette til grunn blir målet med denne oppgåva å undersøke nye læringsressursar tilpassa Kunnskapsløftet 2020, for å sjå om det er lagt til rette for ein likeverdig tilgang på læringsressursar på bokmål og nynorsk, og slik sikrar jamgode opplæringstilbod for alle elevar.

## **1.2 Lovfesta bestemmingar om nynorsk og bokmål i skulen**

Både i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova finn vi bestemmingar og lovfesta rettigheter om bruk av skriftspråk i skulen, både i undervisninga og i læringsressursar. Paragraf 2-5 i opplæringslova tek for seg nynorsk og bokmål i grunnskulen, og seier blant anna at det er kommunen som gjev forskrift om kva skriftspråk som er hovudmål ved kvar skule, og at hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid (Opplæringslova, 1998). Det er foreldra som vel kva skriftspråk lærebøkene til eleven skal ha til og med 7. årstrinn, men frå 8. årstrinn kan elevane sjølv velje om dei vil nytte bokmål eller nynorsk som skriftleg hovudmål. Retten til læremiddel på eige skriftspråk er også vedteke i forskrift til opplæringslova, § 17-1, der det står at «Eleven har rett til læremiddel på ønskja skriftspråk; nynorsk eller bokmål» (Forskrift til opplæringslova, 2006).

Paragraf 2-5 i opplæringslova slår også fast at «I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet» (Opplæringslova, 1998, §2-5). Det presiserast derimot ikkje om det er elevens



hovudmål, eller hovudmålet ved skulen som her er meint. Merk også at det er omgrepet *lærebøker* som er nytta, og at det med det berre er dei trykte ressursane som er inkludert, da det i paragraf 9-4, som omhandlar lærebøker og andre læremiddel, presiserast at omgrepet lærebøker omfattar «alle trykte læremiddel som elevane regelmessig bruker for å nå vesentlege delar av kompetansemåla i eit fag» (Opplæringslova, 1998, §9-4). Omgrepet læremiddel derimot omfattar «alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltståande eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet» (Forskrift til opplæringslova, 2006, §17-1).

Paragraf 9-4 i opplæringslova omhandlar lærebøker og andre læremiddel, og slår fast at lærebøker og tilsvarende digitale læremiddel som blir nytta i skulen, skal vere i samsvar med offisiell rettskriving, og at lesebøkene i norskfaget i grunnskulen skal ha nok tilfang på både nynorsk og bokmål til at elevane kan lære å lese på begge skriftspråka (Opplæringslova, 1998). Det er også i denne paragrafen vi finn det såkalla parallellitetskravet, som seier at «I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris» (Opplæringslova, 1998, §9-4). I forskrift til opplæringslova står det vidare at dette «kravet til språklege parallellutgåver skal gjere det enklare for eleven å gjere seg nytte av opplæringa og sikre dei språklege rettane som eleven har» (Forskrift til opplæringslova, 2006, §17-1). Det er likevel verdt å merke seg at parallellitetskravet berre gjeld «læremiddel som skal brukast regelmessig i opplæringa og dekkjer vesentlege delar av kompetansemåla eller er viktig for dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanen for fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet» (Forskrift til opplæringslova, 2006, §17-1). Med regelmessig er det her meint at «læremiddelet blir brukt fast, over ei lengre periode eller jamleg» (Forskrift til opplæringslova, 2006, §17-1). Det finst også unntak frå kravet om språklege parallellutgåver, som er regulert i paragraf 17-2 i forskrift til opplæringslova. Kravet skal nemleg «ikkje hindre at elevane kan ta i bruk eit breitt tilfang av læremiddel i opplæringa», og kjeldestoff, avisar, oppslagsverk og liknande kjem derfor ikkje inn under kravet, sjølv ved regelmessig bruk (Forskrift til opplæringslova, 2006, §17-2).

Dette parallellitetskravet har ein viktig språkpolitisk funksjon, da det sikrar at det blir utarbeidd læringsressursar på begge skriftspråka (NOU 2019: 23, 2019, s. 391). I høyring NOU 2019: 23: *Ny opplæringslov* slås det fast at parallellitetskravet er spesielt viktig for nynorskelevar for å sikre læremiddel på nynorsk, både trykte og digitale, og utvalet uttrykkjer einigheit i at dette kravet derfor bør vidareførast til den nye opplæringslova som etter planen skal gjelde frå august 2024 (NOU 2019: 23, 2019, s. 391).

### 1.3 Tidlegare forskning

Læremiddel på nynorsk har, som vi ser, vore eit aktuelt tema i meir enn femti år, og med det vore eit felt for forskning og undersøkingar også. Ettersom tida har forandra seg, har også læremiddelbruken endra seg, og følgjeleg læremiddelstriden og forskingsfeltet. Frå siste del av 1990- og byrjinga av 2000-talet kom digitale læringsressursar meir inn i skulen, og frå tusenårsskiftet er språket i dei digitale læringsressursane også diskutert i forskingsfeltet. Sidan det er digitale læringsressursar som er fokuset i denne studien, set dette ei naturleg grense ved tusenårsskiftet for kva tidlegare forskning som er relevant og derfor inkludert i dette kapittelet.

Attende i 2001 utarbeidde Noregs Mållag saman med Norsk Målungdom ein rapport for å oppsummera kva dei store endringane i den offentlege læremiddelpolitikken det siste tiåret hadde å seie for læremiddelsituasjonen for nynorskelevane (Noregs Mållag & Norsk Målungdom, 2001, s. 3). I arbeidet med rapporten vart det gjort ei undersøking av tre nettstader produsert av tre læremiddelprodusentar på oppdrag frå Læringssenteret, som skulle være ei fullverdig erstatning for lærebøkene (s. 15-16). Ein gjennomgang av desse nettstadene viste at dei alle fanst på begge skriftspråka, men at det i nynorskversjonen var ein del slurv, som innslag av bokmål i tekst og overskrifter, tabellar på bokmål, eksterne lenkjer viste til sider som ikkje fanst på nynorsk, i tillegg til at nokre av oppgåvene berre fanst på bokmål (s. 16). Avslutningsvis konkluderer rapporten med at staten på den tida ikkje hadde ein samla politikk for nynorske læremiddel som var tilpassa den nye læremiddelsituasjonen, og at ein ikkje kunne «sjå bort frå at nynorskelevar òg har eit behov for å møte anna lærestoff enn dei tradisjonelle læremidla på sitt eige mål» (s. 19).

Hoppar vi nokre år fram i tid, til 2008, gjorde Høgskulen i Sogn og Fjordane ei omfattande undersøking av digitale læremiddel på både nynorsk og bokmål, med mål om å kartlegge bruken av begge skriftspråka når det gjaldt digitale læremiddel (Skjær et al., 2008). Eit av hovudfunna var at mange læremiddelprodusentar hadde eit ureflektert forhold til parallellitetskrava og at bokmål ofte var einerådande i ressursane (s. 1). Fleire av forlaga såg ut til å tolke lovverket og krava til jamstilling til å ikkje gjelde nettressursane slik som dei trykte læremidla (s. 26). Nettressursane til Cappelen Damm hadde bra jamstilling for grunnskulen, men mest bokmål for vidaregåande. Ressursane frå Gyldendal hadde mest bokmål, medan Aschehoug sine ressursar var uferdige, men det som var ferdig, var på bokmål. Samlaget skilde seg derimot ut, da dei hadde parallelle utgåver på bokmål og nynorsk i ressursane både for grunnskulen, ungdomstrinnet og vidaregåande (s. 16, 26). Hovudsakeleg vart mangelen på nynorsk forklart med økonomi eller at ressursane ikkje var omfatta av opplæringslova (s. 1). Undersøkinga avdekte dermed eit behov for avklaring og presisering.

I 2013 utarbeidde Høgskulen i Vestfold, på oppdrag frå Språkrådet, ein rapport om den språklege kvaliteten i læremiddel (Skjelbred et al., 2013). Rapporten byggjer på undersøkingar av nokre sider ved språkleg og tekstleg framstillingsform i lærebøker for 4. og 8. trinn, samt 1. trinn i vidaregåande opplæring, i faga naturfag og samfunnsfag (s. 7). Hovudfokuset i desse undersøkingane var ikkje læringsressursar på nett, men nokre stikkprøvar av digitale komponentar blei likevel utført. Stikkprøvene viste at det ikkje var tilgjengeleg nynorskversjonar av alle nettstadene til dei bøkene som var undersøkt, og der det var tilgjengeleg nynorskversjonar, såg det ofte ut til at tidspress og hastverksarbeid særleg hadde gått utover den språklege kvaliteten på nynorsk. I rapporten blir dette understreka som kritikkverdig og eit tydeleg regelbrot i strid med opplæringslova (s. 16). Det vart også utført ei undersøking av språkleg kvalitet i nynorskversjonane for naturfag og samfunnsfag, på det nettbaserte læremiddelet Nasjonal digital lærings-arena (NDLA). Gjennomgåande vart det funne ein god del feil, spesielt i menyar, bilettekster og lenkjer til fagsider, og konklusjonen var at nettsidene burde vore gjennomgått av korrekturlesar, og at læremiddelet burde kvalitetssikrast av ein redaktør med språkkompetanse innanfor både nynorsk og bokmål (s. 115).

I 2017 gjennomførte Synnøve Midtbø Myking undersøkingar på oppdrag frå Noregs Mållag, med mål om å finna ut korleis tilgangen var på digitale læremiddel på nynorsk. Resultata av desse undersøkingane er presentert i *Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk*, utgjeven i 2018. Myking fann at tilgangen på nye digitale læremiddel på nynorsk den gongen var avgrensa, da det viste seg at av 104 appar som blei nytta i fire nynorskkommunar, var det berre 15 av dei som fanst på nynorsk, og ofte måtte elevane sjølv aktivt velje skriftspråk (Myking, 2018, s. 27-30). Til tross for at også dei digitale læringsressursane er omfatta av krava i opplæringslova, viste undersøkinga til Myking at skulane ikkje tenkte på desse ressursane på same måte som dei tradisjonelle trykte lærebøkene, og at fleire skular bryt lova og nyttar ressursar som ikkje er overeins med elevanes lovfesta rettigheter (s. 6). Dette gjeld særleg nynorskelevar, som stadig blir utsett for ressursar på bokmål, fordi det tydeleg er større tilgang på nye digitale læringsressursar på bokmål.

Ei anna undersøking frå same år, gjort av Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), Pirion og Framtida.no, står funna til Myking. Målet med undersøkinga var å sjå korleis det stod til med språket i digitale læremiddel på barnetrinnet på nynorske skular (Langåker, 2018). Av 200 kontaktlærarar på barnetrinnet som svara på undersøkinga, svara tre av fire at dei nytta digitale ressursar på nett som berre fanst på bokmål, minst ein gong i veka eller oftare, og fire av fem svara at det var ganske eller veldig vanskeleg å finne digitale læremiddel på nynorsk (Langåker, 2018). I byrjinga av mars 2020 gjennomførte Framtida.no og LNK ei ny og liknande undersøking, rett før

alle skular blei stengde som fylgje av pandemi. På spørsmålet om kor ofte ein i klassen brukte digitale ressursar på bokmål som ein kunne ynskt var på nynorsk, svara fire av fem av dei 200 lærarane som deltok i undersøkinga, at dei nytta ressursar på bokmål minst ein gong i veka (Langåker, 2020).

## 1.4 Avgrensing og problemstilling

I tillegg til at dette er eit felt som stadig er i endring og som utviklar seg svært raskt, har vi dei siste åra fått nye læreplanar, i 2022 fekk vi ei ny språklov, og arbeidet med ei ny opplæringslov er i full gang og skal etter planen innførast frå skulestart 2024 (Utdanningsdirektoratet, 2022). Nett derfor kan det være interessant å sjå korleis situasjonen er i dag. Målet med denne oppgåva blir dermed å gjere ei undersøking av utvalde digitale læringsressursar for å sjå om tilgangen er lik på nynorsk og bokmål, og undersøke den språklege kvaliteten i ressursane. Med dette som bakgrunn er problemstillinga for studien fylgjande:

*Korleis er tilgangen på digitale læringsressursar på nynorsk frå fire marknadsleiande forlag av læreverk, mot tilgangen på bokmål, og korleis er den språklege kvaliteten i dei same ressursane?*

## 1.5 Utval

Som nemnt, finst det ei heil verd av digitale ressursar, og sidan dette er eit relativt lite forskingsprosjekt med avgrensa tid, er ei utveljing av kva ressursar som skal undersøkast derfor naudsynt.

Utgangspunktet for prosjektet er dei digitale ressursane utgjeve av etablerte forlag som produserer læreverk. Sjølv om ein ikkje har innsyn i salstal som fortel kor stor andel dei ulike forlaga står for av den totale bruken av læreverk i skulen, er det gode grunnar til å tru at Cappelen Damm, Gyldendal, Aschehoug og Fagbokforlaget til saman dekkjer det aller meste av læreverkalet for grunnskulen (Hårstad, 2019, s. 30). Sidan alle desse fire forlaga har eigne digitale læringsressursar eller digitale læringskomponentar som høyrer til læreverket, gjev dette grunnlag for å tru at også desse er mykje nytta i skulen.

Elevar på små- og mellomtrinnet er i ei særskild viktig fase i skriftspråkutviklinga med introduksjonen for og opplæring i skriftspråket, og fokuset i denne studien vil derfor vere læringsressursane tilpassa fyrste til sjuande trinn. Ressursar knytt til høgare trinn er derfor ikkje inkludert i denne studien. Sidan læringsressursane famnar mange fagområde og tema, er ei avgrensing av sjølve læringsressursen også nødvendig. Derfor er det ressursane knytt til matematikk

og norskfaget som her blir hovudfokuset. Digitale versjonar av læringsbøker, eller såkalla D-bøker, er ikkje inkludert. Læringsressursane som er inkludert i denne studien er dermed:

- Cappelen Damm – *Skolen*
  - Norsk
  - Matematikk
- Gyldendal – *skolestudio*
  - *Salto Fagrom*
  - *Multi Fagrom*
  - *Salaby norsk*
  - *Salaby matematikk*
- Aschehoug – *Aschehoug univers (Aunivers)*
  - *Fabel*
  - *Matemagisk*
- Fagbokforlaget
  - *Ordriket*
  - *Volum*

Til saman er det inkludert ti ulike ressursar frå dei fire forlaga, fem frå norskfaget og fem frå matematikk. Frå Gyldendal er det inkludert både dei digitale fagromma og fagromma i *Salaby*, da dette er to relativt ulike ressursar, med mykje oppgåver og aktivitetar tilgjengeleg.

Ressursane frå Cappelen Damm, Gyldendal og Aschehoug er betalingstenester der ein må logge inn med Feide. Ressursane frå Fagbokforlaget er derimot gratis tilgjengelege i elevversjonen og ein har tilgang utan å måtte logge inn. For å få tilgang til lærarsidene må ein derimot logge inn med ein Feide-brukar med aktivert tilgang frå Fagbokforlaget.

Alle ressursane er enten nye eller reviderte og tilpassa dei nye læreplanane til Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.

## 1.6 Omgrepsavklaring

Før vi går vidare er det viktig å gjere ei opprydding i nokre sentrale omgrep som blir nytta gjennomgåande i teksta, slik at det ikkje skal leve nokon tvil om kva som her blir lagt i omgrepa.

### 1.6.1 Læremiddel, læringsressurs og læringsverktøy

Termene *læremiddel* og *læringsressurs* blir ofte nytta om kvarandre, men samtidig definert og forstått på ulike måtar, av ulike aktørar. Ser vi 100 år attende i tid er det relativt lite problematisk å definere kva læremiddel er. Læremiddel var bøkane i sekken, karta som hang oppe ved tavla og plansjane med aktuelt tema som læraren hengde opp i klasserommet. Sjølv om enkelte lærarar kunne finne andre ressursar ved sidan av som ein stensilerte opp, var læreboka einstyddande med omgrepet *læremiddel* (Gilje, 2017, s. 29). Frå midten av 1990-talet har det derimot kome eit behov for å skape eit meir nyansert syn på omgrepet, da den digitale utviklinga utfordrar den tidlegare forståinga av læremiddel som omgrep (s. 29-30). Digitaliseringa har opna ei ny verd av ressursar der ein møter alt frå smarte tavler, digitaliserte lærebøker og læringsvideoar, til interaktive oppgåver, bildebokappar og spel. Verktøya, ressursane og læringsmidla i skulen har gjennomgått ei stor endring dei siste 20 åra, og med det er òg omgrepsbuken sett i sving (s. 30).

I ein gjennomgang av Utdanningsdirektoratets og IKT-senteret sine nettsider såg Askeland og Aamotsbakken i 2013 at omgrepet *læremiddel* ofte er assosiert med trykte bøker, medan omgrepet *læringsressurs* i større grad er knytt til digital teknologi (Aamotsbakken & Askeland, 2013). Med ei slik forståing er det altså tale om papirbaserte læremiddel og skjermbaserte læringsressursar (Gilje, 2017, s. 42). Sjølv om dette kan sjå ut til å vere ei mykje assosiert forståing av termene, er ikkje dette nokon etablert definisjon i forskingsmiljøet, og vi ser at eit slikt skilje kjem i konflikt til forståinga av termene i dagens utdanningspolitiske dokument.

Eit raskt søk i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova viser at verken «læringsressurs» eller «læringsverktøy» er nemnt, men omgrepet «læremiddel» er derimot nemnd til saman 32 gonger. I forskrift til opplæringslova § 17-1 finn ein den mest presise definisjonen av læremiddel i utdanningspolitiske dokument. Her blir læremiddel definert som «alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltstående eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet» (Forskrift til opplæringslova, 2006). Altså omfattar omgrepet *læremiddel* både digitale og analoge ressursar, men det sentrale er at ressursen er utvikla spesielt til bruk i opplæring, og dermed inngår ikkje slik som avisar, oppslagsverk og artiklar. Denne definisjonen blei lagt til i forskrifta etter ei revidering i 2010, og står i kontrast til definisjonen av læremiddel på midten av 1990-talet (Gilje, 2017, s. 31):

«Læremidler omfatter alt det som tas i bruk i en læringssituasjon, og som er meningsbærende i seg selv. Læremidler omfatter tekster, programvare, lyd og bilder og lærebøker som er produsert for å ivareta bestemte opplæringsmål, men det kan også være

materiell som opprinnelig hadde andre formål, som f.eks. avisartikler, spillefilmer eller skjønnlitteratur» (St.meld. nr. 29, 1995, s. 46).

Aamotsbakken og Askeland nyttar derimot omgrepet læringsressurs om det som elles blir omtala som både læremiddel og læringsressurs, grunna at omgrepet *middel* er instrumentelt og peikar mot at læring skjer uansett, berre ein har eit læremiddel tilgjengeleg (Aamotsbakken & Askeland, 2013, s. 19). Omgrepet *ressurs* derimot, legg til grunn at teksta eller gjenstanden er ein ressurs for, og har eit potensiale for læring i rett kontekst (s. 19). Aamotsbakken og Askeland skriv også at omgrepet *læringsressurs* dekkjer både trykte og digitale læremiddel, i tillegg til dataprogram, operativsystem og datamaskinar av ulike slag, i motsetnad til omgrepa *lærebok* og *læremiddel* som gjerne blir nytta berre om trykte bøker (s. 18).

Med bakgrunn i grunningjevinga til Aamotsbakken og Askeland, vil omgrepet *læringsressurs* i denne avhandlinga bli nytta om det som elles omtalast som både læremiddel og læringsressurs. Dermed vil definisjonen av læremiddel frå forskrift til opplæringslova også omfatte det som i denne avhandlinga blir omtala som læringsressurs, og det er denne definisjonen som blir lagt til grunn.


### 1.6.2 Målform og skriftspråk

Dei to termene *målform* og *skriftspråk* har vore, og blir framleis, nytta om kvarandre og kan seiast å tyde omtrent det same. Likevel er det ein skilnad på omgrepa ein bør vere bevisst på. Grepstad og Allkunne skriv at *målform* tradisjonelt er «ei nemning som i offisiell språkbruk vert nytta om skriftspråka bokmål og nynorsk» (Grepstad & Allkunne, 2023), medan *skriftspråk* blir forklart som «språk som uttrykkes i skrift; skrevet språk» (Simonsen & Universitetet i Oslo, 2023). Bruken av termen *målform* voks fram på tidleg 1900-tal og var den vanlege nemninga for bokmål og nynorsk i offisielle samanhengar etter andre verdskrig (Grepstad & Allkunne, 2023). I språklova frå 2021 er det derimot termen *skriftspråk* som er nytta gjennomgåande, medan *målform* ikkje er nemnd. I proposisjonen til språklova er denne endringa grunngjeve med at tradisjonell bruk av termen *målform* kan skape mistydingar og sende uheldige signal om han blir nytta i staden for *skriftspråk* (Prop. 108 L (2019-2020), s. 84). Vi legg bak oss tilnæringspolitikken mellom nynorsk og bokmål, og dei to skriftspråka skal normerast på sjølvstendig grunnlag (Prop. 108 L (2019-2020), s. 84). Derfor er det viktig å nytte termar som fremjar jamstilling og understrekar at nynorsk og bokmål på lik linje er to norske skriftspråk og ikkje berre variantar av språket. Med bakgrunn i denne grunningjevinga, er det termen *skriftspråk* som gjennomgåande blir nytta i denne studien.

### 1.6.3 Kapittel, tema og oppgaver

Dei ulike ressursane som er inkludert og sentrale gjennom studien, er oppbygde og inndelt på ulike måtar, og nyttar også ulike omgrep for desse inndelingane. Nokon av ressursane er inndelte i nummererte kapittel, medan andre er sortert etter tema. Nokre nyttar omgrepet *oppgåvesamling*, medan andre nyttar omgrepet *læringsløp*. Til tross for nokså ulik inndeling og oppbygging, ser ein samanfallande mønstre for alle ressursane. Med utgangspunkt i desse mønstra har eg sett opp ei generalisert inndeling av ressursane, for å kunne nytte felles omgrep.

Alle dei inkluderte ressursane i denne studien kan generelt delast i tre nivå. Etter å ha vald trinn og fag, kjem ein til ei kapittel-/temaoversikt, der ein vel kva kapittel ein går vidare inn på, etter kva som er relevant. Inne på kvart kapittel finn ein fleire såkalla oppgåvesamlingar eller læringsløp ein kan velje mellom. Kvar slik oppgåvesamling eller læringsløp inneheld eit sett med varierende antal oppgaver som høyrer saman, og som kjem opp i rekkefølge etter hand som ein har fullført dei. For å nytte dei same omgrepa på alle ressursane, er det omgrepa kapittel, oppgåvesamling og oppgave som her blir nytta på dei ulike nivåinndelingane, slik *figur 1* og *figur 2* viser.



Figur 1: Generalisert oppsett av ressursane med felles omgrep.



Figur 2: Eksempel på oppsett med kapitteloversikt (til venstre), oppgåvesamlingar (i midten), og oppgaver (til høgre), med skjermdumpar frå Fagbokforlaget's norskressurs Ordriket.



## 2 Teoretisk forankring

Hensikta med dette kapittelet er å presentere og gjere greie for relevant teori for å kunne diskutere og belyse funna av studien og implikasjonane av dei, og for å kunne svara på problemstillinga:

*Korleis er tilgangen på digitale læringsressursar på nynorsk frå fire marknadsleiande forlag av læreverk, mot tilgangen på bokmål, og korleis er den språklege kvaliteten i dei same ressursane?*

### 2.1 Språk, identitet og identitetsforhandlingar

Sosiolingvistikk er eit svært aktuelt forskingsfelt innan språkforskning, og sosiolingvistisk teori gjev eit rammeverk for å kunne forklare og forstå samanhengen mellom språk, identitet og sjølvfølelse som dannar grunnlaget for sentrale argument om språk i læringsressursar.

Sosiolingvistikk er ei grein av språkvitskapen, der utgangspunktet er språkvariasjon i samfunnet, og språk som sosialt fenomen (Simonsen, 2023). Sosiolingvistikk som forskingsfelt kan altså plasserast i eit grenseområde mellom to vitskapar: sosiologi – vitskap om samfunnet, og lingvistikk – vitskap om språket (Venås, 1991, s. 13). Innan denne tverrvitskaplege forskingsdisiplinen finn ein fleire tema og teoriar som er relevante i drøftinga av problemstillinga i denne avhandlinga, men i hovudsak er det temaa språk og identitet, og identitetsforhandlingar som her blir sentrale.

Innan det sosiolingvistiske forskingsfeltet er det gamal lærdom at språk og identitet heng saman, da språk blir betrakta som ein av dei viktigaste identitetsskapande faktorane, fordi det i stor grad er gjennom språket vi uttrykkjer vår identitet (Mæhlum, 2008, s. 106; Skjekkeland, 2012, s. 71). Faktisk kan forholdet mellom språk og identitet seies å vere ein av dei fire sentrale teoretiske bærebjelkane i den sosiokulturelle språkforskinga, saman med språkets indeksikalitet, språkhaldningar og språkideologiar, og forholdet mellom språk og makt (Hårstad et al., 2021, s. 36). Også i læreplanverket er språk og identitet omtala. I fylgje overordna del skal opplæringa sikre at elevane «utvikler sin språklige identitet, og at de kan bruke språk for å tenke, skape mening, kommunisere og knytte bånd til andre» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 5). I kompetansemåla for norskfaget står det òg at elevane etter 7. trinn skal kunne «utforske og reflektere over sammenhengen mellom språk og identitet» (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 8). Dette er altså to omgrep ein ofte ser saman, og det er ei vanleg oppfatning at språk og identitet er forbunde med kvarandre (Hårstad et al., 2021, s. 40).

Korleis ein forstår denne koplinga mellom språk og identitet er derimot meir komplekst, da det blant anna avhenger av kva forståing av identitetsomgrepet ein legg til grunn. Brit Mæhlum har med utgangspunkt i dei mest sentrale kontrastane relatert til to idehistoriske retningar, formulert tre

ulike oppfatningar av identitetsomgrepet, representert gjennom metaforane *kjerne*, *lauk* og *elv* (Mæhlum, 2008, s. 109). Om ein tenker seg dei ulike oppfatningane av identitetsomgrepet langs ein skala, har ein i det eine ytterpunktet oppfatninga av identitet som ei kjerne, såkalla essensialistisk identitetsforståing. Her legg ein til grunn at identitet er medfødde, permanente og uforanderlege kjerneeigenskapar som kjenneteiknar oss (s. 109). I det andre ytterpunktet av skalaen finn ein derimot ei konstruktivistisk identitetsoppfatning, der mangelen på ei fast kjerne er det som karakteriserer identiteten (s. 109). Med denne oppfatninga legg ein til grunn at identitet er noko som kan endrast og konstruerast undervegs, og som blir påverka av ytre faktorar. Eg-et er dekomponert og står fram som ulike del-identitetar som individet går inn og ut av i ulike sosiale kontekster, nett som ein lauk med mange lag - men utan ei fast kjerne (s. 109-110). Mæhlum presiserer at med ei rein essensialistisk eller konstruktivistisk identitetsoppfatning vil viktige aspekt ved identiteten falle vekk, og med ei oppfatning der ein unngår å fokusere på kontrastane og i staden legg vekt på vekselverknadene på dei ulike nivåa, kan ein forkaste både kjernen og lauken som gode metaforar for identiteten (s. 110). Ho lanserer derfor eit tredje alternativ, plassert mellom desse ytterpunkta på den tenkte identitetsskalaen, der ho samanliknar identiteten med ei elv, inkludert elveleiet. Med denne oppfatninga tek ein omsyn til det foranderlege og variable ved identiteten (elva), samtidig som ein òg legg vekt på det stabile og meir konstante (elveleiet). Det tilsynelatande stabile elveleiet er likevel ikkje upåverka av elva som er i kontinuerleg endring, og over tid vil elveleiet gradvis endrast av aktiviteten og endringane som går føre seg i sjølve elva (s. 110).

Også Hårstad, Mæhlum og van Ommeren set til sides den essensialistiske forståinga av identitetsomgrepet, da forskning på korleis menneske faktisk nyttar språk har vist at ei essensialistisk forståing av forholdet mellom språk og identitet manglar reell forklaringskraft, og at det er vesentleg å forstå at identitetar er dynamiske for å kunne gripe kvifor den språklege verkelegheita er så full av variasjon (Hårstad et al., 2021, s. 41). Dei legg derimot til grunn ei sosialkonstruktivistisk forståing av språkleg identitet, der ein heller tenker at språk er *blant* dei verktøya vi menneske nyttar for å etablere og posisjonere oss i ulike sosiale samanhengar, mot å tenke at språk *er* identitet, og at språk endrar *seg* (s. 42). Ut frå dette forstår ein identitet som noko vi aktivt konstruerer i interaksjon med andre menneske i sosiale samanhengar, og korleis vi posisjonerer oss i forhold til andre menneske er noko som vil variere (s. 42).

I forlegning av dette kjem vi inn på omgrepet identitetsforhandlingar, som er ein mykje nytta metafor for korleis vi uttrykkjer identiteten vår gjennom språk (Hårstad et al., 2021, s. 43). Som språkbrukarar kan vi gjennom språkhandlingane våre bringe eit uttrykk for kven vi er, inni i ein sosial situasjon, men vi kan derimot ikkje diktere korleis andre skal forstå og respondere på desse språklege identitetshandlingane (s. 43). Dei vi interagerer med, vil likevel gjennom måten dei

opptrer på, seie oss noko om korleis dei opplev oss, og på bakgrunn av responsen vi får, fattar vi slutningar om korleis vi vidare skal opptre (s. 43). Altså forhandlar vi om korleis vi vil stå fram i ulike samanhengar gjennom bruk av språket, og gjennom å «spegle oss» i andre sin åtfærd og respons (s. 53). På denne måten forhandlar vi om identiteten vår gjennom bruken av språket (s. 43). Sjølv om identitetsforhandlingar ofte assosierast med munnleg kommunikasjon og kroppsspråk, spelar òg skriftleg språk ei viktig rolle i konstruksjonen og forhandlinga av identitet, og elevar som ikkje møter språket sitt i læringsressursar kan «forhandle vekk» hovudmålet sitt til fordel for eit anna.

Vangsnes, Anderssen og Bentzen understrekar at også eksponering av skriftspråket er naudsynt for å lære å skrive det og å bli ein kompetent språkbrukar (Vangsnes et al., 2017, s. 230-235). Dei skriv at det er ein samheng mellom kor mykje nynorsk språk nynorskelevar blir eksponert for i førskulealder, har konsekvensar for kor trygge dei blir på skriftspråket seinare (s. 231). Også i teori om den fyrste og andre lese- og skriveopplæringa er eksponering av språket sentralt. I den fyrste lese- og skriveopplæringa har den tradisjonelle stadieteorien dei siste åra fått utfordring frå meir statistisk orienterte syn på staveutvikling som legg vekt på at barn også lærer skriftspråk basert på statistiske hypotesar dei lagar seg basert på skriftspråk dei ser rundt seg (Juuhl, 2022, s. 40). I den andre lese- og skriveopplæringa understrekar Juuhl viktigheita av mengdetrening og eksponering av skriftspråket for å kunne bli ein kompetent språkbrukar. For at elevane skal kunne tileigne seg nynorsk som ei produktiv kompetanse, ikkje berre reseptiv, må dei få eit grunnlag for å gjera statistiske slutningar om korleis ein skriv på nynorsk (Juuhl, 2022, s. 44). Det er derfor heilt sentralt at elevane møter språket og les nok nynorsk til at dei dannar seg eit skriftbilde som set seg i minnet, slik at dei sjølve har kompetanse til å produsere språket i tekst og tale (Juuhl, 2022, s. 44).

Med ei sosialkonstruktivistisk forståing av identitetsomgrepet, identitetsforhandlingar og kunnskap om eksponering av språket som utgangspunkt, vil nynorskelevar som ikkje møter nynorsk som eit bruksspråk i sosiale situasjonar i kvardagen, anna enn i meir formelle settingar som i skulen eller i offentlege papir, bevisst eller ubevisst etter kvart legge vekk nynorsken som bruksspråk, til fordel for bokmål eller engelsk. Om det heller ikkje leggst til rette for bruk og læring av nynorsk i skulen og i læringsressursar, vil ikkje elevane møte språket dei har krav på å lære og det nynorske språket vil svekkast ytterlegare.

## 2.2 Språknormer, språknormering og implementeringskjeda

I all hovudsak er det på skulen dei fleste lærer seg å lese og skrive, og det er her ein lærer dei grunnleggande rettskrivingsreglane, språkets grammatikk og korrekt setningsoppbygging. Skulen er på den måten ein svært viktig stad for utvikling av skriftspråket på individnivå, og nett derfor er det viktig at skulen forhold seg til gjeldande språknormer, slik at elevane møter og lærer korrekt norsk språkbruk, og med tida sjølv skal kunne uttrykke seg korrekt både munnleg og skriftleg.

Språknormer er dei fastsette normalformene innanfor eit språk, eller enklare sagt, kva som er gjeldande og korrekt rettskriving (Språkrådet, 2015). Språknormering blir da prosessen med å fastsette og etablere desse språknormene, altså å sette standardar og normalformer for rettskriving og bøyning i eit språk (Godal, 2022). I Noreg har Språkrådet fullmakt til å gjere normeringsvedtak som gjeld både skrivemåte og bøyning av enkeltord, samt reglar for teiknsetjing, medan meir gjennomgripande endringar må godkjennast av Kultur- og likestillingsdepartementet (tidlegare Kulturdepartementet) (Språkrådet, 2015). I samanheng med dette kjem vi inn på implementeringskjeda, som er overføringa av desse vedtekne språknormene frå Språkrådet og Kulturdepartementet, til språkbrukarane i samfunnet (Omdal, 2004, s. 29). Fleire faktorar og forhold styrer folks kunnskap om og forståing av gjeldande språknormer, men hovudsakleg skjer denne implementeringa som ein del av skulegangen og utdanninga, frå lærar til elev (Omdal, 2004, s. 29).

Som lærar har ein (sannsynlegvis) studert og fått god opplæring i gjeldande, offisielle språknormer for både bokmål og nynorsk, både gjennom eigen skulegang og gjennom den høgare utdanninga. Når ein så sjølv står der som lærar og skal undervise dei yngste språkbrukarane, nyttar ein denne kunnskapen i undervisninga, og slik fører vidare desse språknormene. Lærarar spelar dermed ei svært viktig rolle for implementeringa av språknormene i samfunnet, og at ein held seg oppdatert på korrekt språkbruk og gjeldande rettskriving kan derfor seiast å vere eit viktig samfunnsoppdrag som norsklærar (Omdal, 2004, s. 31). Myndigheitene sikrar også, gjennom styringsdokument og rundskriv som tilsette i skulen pliktar å fylgje, at språknormene blir implementert i skulen, og slik sikrar at det elevane lærer på skulen er i samsvar med gjeldande språknormer (Omdal, 2004, s. 29).

Språkutvikling skjer heile tida, og det er ikkje berre skulen som påverkar språket vårt. Også familie, venner og samfunnet generelt påverkar språkutviklinga. I vårt moderne samfunn møter ein i tillegg enorme mengder tekst også utanfor skulen, for eksempel gjennom aviser, teikneseriar og bøker, reklame, film og seriar, fjernsyn, sosiale medium og på internett generelt. Desse tekstene, som kan omtalast som *tekstmengde i samfunnet*, er stort sett ikkje forplikta til å fylgje dei fastsette språknormene på same måte som dei tekstene ein møter i skulen (Omdal, 2004, s. 28). Bevisst eller ubevisst lar ein seg også påverke av desse friare tekstene, som både kan nytte uoffisielle normer og

innehalde språkfeil, og dei vil fungere som eit supplement til den meir aktive «språknormsoppdragelsen» i skulesituasjonen (s. 28). Med denne enorme påverknaden frå desse friare tekstene i samfunnet, er det desto viktigare at elevar i skulen møter tekster og ressursar som er i tråd med dei gjeldande språknormene, på sitt skriftspråk.

Det er altså liten tvil om at skulen er ein viktig stad for utvikling av skriftspråket, og at lærarar spelar ei viktig rolle for implementeringa av språknormene i samfunnet. Ein stor del av innlæringa av skriftspråket skjer gjennom lesing av tekster, og med ein auka påverknad frå tekstmengder i samfunnet er det ekstra viktig at elevar møter sitt skriftspråk i skulen. Det er derfor viktig at tekster og læringsressursar som blir nytta i skulen er i tråd med dei gjeldande språknormene, for at elevane skal få eit forhold til språknormene, og etter kvart sjølv kunne uttrykke seg korrekt både munnleg og skriftleg.

### 3 Metode for datainnsamling

Målet med dette kapitlet er å beskrive og grunngje studiens metodiske tilnærming og gje innsikt i framgangsmåten nytta i innhentinga av studiens datamateriale, samt å reflektere over dei forskningsetiske vurderingane ved studien.

#### 3.1 Metode

Innhentinga av datamaterialet kan delast i to. I fyrste del blir det gjort ei analyse av skriftspråka i dei ulike digitale læringsressursane, der målet er å overordna kartlegge ressursane med fokus på tre ting: om ressursane er tilgjengelege på både nynorsk og bokmål, om ressursane i hovudsak er parallelle eller om dei er grunnleggande ulike på dei to skriftspråka, og korleis moglegheitene er for å endre språkinnstillingane i ressursen. Med parallelle meiner ein at det i hovudsak finst to nærast identiske versjonar av same læringsressurs, der hovudskilnaden er språket. Motsett vil ein ressurs som ikkje har parallelle versjonar enten ha berre eitt språk tilgjengeleg, ha blanda nynorsk og bokmål i ein ressurs, eller at det finst to versjonar, men at innhaldet er heilt ulikt. Altså kan ein ressurs ha parallelle versjonar på nynorsk og bokmål, sjølv om det finst meir ressursar i ein av versjonane. Resultata av denne fyrste delen blir systematisert og framstilt kvantitativt i ein tabell med forkortingar, laga med utgangspunkt i tabellen frå undersøkinga gjort i 2008, av Skjær et al. (s. 16).

Andre del av datainnhentinga er ei meir kvalitativ undersøking, der det blir gått nærare inn på kvar av ressursane. Målet med denne andre delen er å sjå nærare på kvaliteten i kvar enkelt ressurs, med fokus på språkleg kvalitet, og om det ligg føre like mykje ressursar på både nynorsk og bokmål. Med språkleg kvalitet meinast her språklege eigenskapar som korrekt språk i tråd med gjeldande normer for rettskriving og teiknsetting, men også om ordval og konsekvente formval.

I innhentinga av data har det vore nytta to datamaskinar for å kunne samanlikne dei parallelle versjonane til same tid. Maskinane var begge logga inn på same læringsressurs, men ei av dei hadde oppe nynorskversjonen, medan den andre hadde oppe bokmålsversjonen. I fyrste del av innhentinga gjekk eg systematisk gjennom trinnromma frå 1. til 7. trinn, i fagromma for norsk og matematikk. Her var eg hovudsakeleg innom alle hovudsidene, men gjekk også innom nokre tilfeldig utvalde kapittel, tema og oppgåver på kvart av trinnromma, for å sjå på tilgangen til nynorsk og bokmål, parallelitet og moglegheit til å endre skriftspråket.

I andre del av datainnhentinga var eg, i tillegg til å innom alle hovudsidene til alle trinnromma, også innom alle kapitla/temaa på kvart trinn, men derimot ikkje innom alle oppgåvene.

Eg har vore inne på minst to oppgåver til kvart underkapittel eller tema, som vart tilfeldig utvald utan nokon form for system. Alt datamaterialet er innhenta i mars 2023.

## 3.2 Forskingsetiske vurderingar

Som forskar skal ein forhalde seg til kulturen i forskingsmiljøa, som skal sikre ein god vitenskapleg praksis. Dette inneber blant anna at ein ikkje skal plagiere andre sitt arbeid, fabrikkere eller konstruere falske fakta, trikse med analysen for å oppnå ynskt resultat, halde tilbake motstridande funn, eller gjennomføre forskning for å fremje bestemte politiske eller økonomiske interesser (Nyeng, 2012, s. 159-160). I tråd med god forskingsskikk og etablerte vitenskaplege normer, er det i arbeidet med denne avhandlinga lagt ned eit grundig arbeid i forbindelse med kjeldebruk og så langt det let seg gjere referert til originalkjeldene ved dei mest sentrale verka som ligg til grunn for oppgåva. Gjennomføringa av studien skal vere transparent og etterprøvbar, og prosessen frå metode til funn skal vere rimeleg slik at andre skal kunne gjenta forskinga og oppnå same resultat (Anker, 2020, s. 108).

I sjølve innhentinga av data var det tilfeldig kva oppgåver og kapittel som blei undersøkte, og det var altså ikkje noko system i utveljinga. Likevel er det viktig å presisere at utvalet av kva data som kjem med og kva som blir utelate, er eit resultat av mi forståing, og det er mogleg at andre ville ha gjort andre utval. Det er også sannsynleg at ein kan trekkje andre tolkingar av datamaterialet enn det som blir gjort her, og det kan ligge føre ei fare for at relevante forhold som er interessante for feltet ikkje er belyst.

Eit siste kvalitetskriterium for ein god og gjennomført studie, er at forskaren er så verdinøytral som mogleg, spesielt i studiar der forskaren sjølv er eit hovudinstrument i innhentinga av data (Befring, 2020, s. 99). Når ein forskar på eit tema ein er genuint interessert i, kan ein ha personlege erfaringar som kan verke både som ein sterk motivasjon for å gå inn i arbeidet, men òg som ei forforståing av feltet som kan gjere at ein møter temaet med spesielle forventningar og fordømmar (Anker, 2020, s. 112). I forkant av arbeidet med denne avhandlinga har eg derfor gjort meg nokre refleksjonar over forskarrolla, og over mine eigne haldningar og verdiar rundt temaet, for at dette i minst mogleg grad skal ha innverknad på resultatet.

## 4 Resultat

Målet med dette kapittelet er å systematisere og presentere funna frå datainnhentinga på ein mest mogleg klar og meiningsfull måte, slik at du som lesar og utanforståande skal få ei grundig forståing av forskingsresultata og deira betydning.

### 4.1 Del 1 – overordna analyse av språkleg tilgjengelegheit

Resultata av fyrste del av datainnhentinga er framstilt kvantitativt i tabellform, etter same modell som er nytta i rapporten om *Undersøking av digitale læremiddel på begge målformer*, av Skjær et. al. i 2008.

Norskfaget					
	<b>Cappelen Damm Skolen</b>	<b>Gyldendal Salaby</b>	<b>Gyldendal Fagrom</b>	<b>Aschehoug Aunivers</b>	<b>Fagbokforlaget</b>
Årssteg	Norsk	Norsk	<i>Salto</i>	<i>Fabel</i>	<i>Ordriket</i>
1.	M/p	M/p	M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	M/p
2.	M/p		M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	M/p
3.	M/p	M/p	M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	M/p
4.	M/p		M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	M/p
5.	M/p	M/p	M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	M/p
6.	M/p		M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	M/p
7.	M/p		M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	M/p

Tabell 1

Matematikk					
	<b>Cappelen Damm Skolen</b>	<b>Gyldendal Salaby</b>	<b>Gyldendal Fagrom</b>	<b>Aschehoug Aunivers</b>	<b>Fagbokforlaget</b>
Årssteg	Matematikk	Matematikk	<i>Multi</i>	<i>Matemagisk</i>	<i>Volum</i>
1.	M/p	M/p	M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	<b>B</b>
2.	M/p		M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	<b>B</b>
3.	M/p	M/p	M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	<b>lite/B</b>
4.	M/p		M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	<b>Ikkje tilgjengeleg</b>
5.	M/p	M/p	M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	<b>B</b>
6.	M/p		M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	<b>Ikkje tilgjengeleg</b>
7.	M/p		M/p	M/p/B/ <b>bl i nn versjon</b>	<b>lite/B</b>

Tabell 2



*Forklaring av forkortingar:*

*N = berre tilgjengeleg på nynorsk*

*B = berre tilgjengeleg på bokmål*

*M = menyval for nynorsk og bokmål*

*bl = blanding av nynorsk og bokmål*

*p = parallellitet. Ressursen finst parallelt på nynorsk og bokmål, ofte i samsvar med menyvalet*

*lite = det ligg lite ressursar der førebels, så målform blir uinteressant*

*ikkje tilgjengeleg = ressursen var ikkje tilgjengeleg i tidsperioden dataene vart innhenta*

*Eksempel: M/p tyder at ressursen har menyval mellom bokmål og nynorsk, og at ressursen ligg i parallelle versjonar.*

Utveingane i raudt er funna som er problematiske og ikkje er i tråd med krava om parallellitet i opplæringslova.

Av tabellen kan vi altså sjå at alle dei undersøkte ressursane, med unntak av Fagbokforlagets matematikkressurs *Volum*, hadde menyval for bokmål og nynorsk, og at det låg føre parallelle versjonar på dei to skriftspråka. Vi ser også at nynorskversjonane av ressursane frå Aschehoug hadde mykje innslag av bokmål, og at Fagbokforlagets *Volum* berre var tilgjengeleg på bokmål. Desse ressursane oppfyller derfor ikkje krava om parallelle versjonar på bokmål og nynorsk til lik tid, og skal i teorien derfor ikkje nyttast i skulen. Kva dette har å si for nynorskelevar og nynorsken som likeverdig bruksspråk blir drøfta vidare i diskusjonskapittelet.

## **4.2 Del 2 – kvalitativ analyse av språkleg kvalitet**

### **4.2.1 Cappelen Damm – Skolen norsk og matematikk**


*Skolen* frå Cappelen Damm er ein heildigital læringsressurs for heile grunnskulen, i tråd med Kunnskapsløftet 2020 (Cappelen Damm, u.å.). Her finn ein ressursar tilpassa alle fag og trinn, med tilhøyrande fagrom. I tillegg finn ein ei mengd av andre ressursar, slik som bibliotek, songar, ordkort og diverse ressursar knytt til dagsaktuelle tema. Ressursen er tilgjengeleg på både nynorsk og bokmål, men for å endre skriftspråk må ein trykke seg inn i toppmenyen og deretter innstillingar, før du blir teke til ei ny side der du kan huke av for enten nynorsk eller bokmål. Moglegheita for å endre språkform i denne ressursen er dermed ikkje like tydeleg og lett tilgjengeleg som i fleire av dei andre ressursane som har vore undersøkt. Når ein har huka av og valt eit skriftspråk i

innstillingane, held ressursen seg til dette skriftspråket, også når ein loggar på etter å ha vore avlogga.

*Skolen* finst parallelt på nynorsk og bokmål, der skilnaden på dei to versjonane er språket. På sidene for norsk og matematikk, som er fokuset i denne undersøkinga, har ein tilgang på akkurat dei same ressursane i begge versjonane, og det ligg altså føre like mykje ressursar på begge skriftspråka.

Språket i bokmålsversjonen er på gjennomført bokmål, utan noko innslag av nynorsk, med unntak av dei tileigna sidemålsressursane og nokre skjønnlitterære tekster som originalt er gjeve ut på nynorsk. Nynorskversjonen er i hovudsak på nynorsk, men i tillegg til desse sidemålsressursane og skjønnlitterære tekstene på bokmål, møter ein i nynorskversjonen ein del bokmålsord som ikkje er godkjende i nynorsk rettskriving. Fleire stader står namnet på kapittelet eller oppgåvesamlinga på bokmål, medan når ein trykker seg vidare inn på oppgåva, endrast namnet til nynorsk. For eksempel heiter eit kapittel i matematikkrommet for 7. trinn «sammensatte regneuttrykk» på framsida, medan når ein klikkar seg inn endrast namnet til «samansette rekneuttrykk». Det skjer også at ein møter heile setningar på bokmål, slik som setninga «i hvilken rekkefølge vil dere kle på dere disse klærne» og «hvordan spilles kortspillet krig? Forklar for en annen i klassen».

Andre stader ser ein ord som verken er i tråd med nynorsk- eller bokmålsrettskriving, men som verkar til å vere ein hybrid av dei to skriftspråka, slik som for eksempel ordet «forteljningene» frå matematikkrommet for 1.trinn. At ein møter same ord eller setning på både nynorsk og bokmål inne på same side, skjer også fleire stader. For eksempel ser ein på matematikksida for 5. trinn overskrifta «ukelønn», medan det i sjølve oppgåva står «vekelønn». På fleire sider står det «øv mer» ein stad, og «øv meir» ein annan stad. Går ein inn på matematikkrommet for 1. klasse, og kapittelet «Lytt til forteljningene», ser ein same fenomen her. Inne på forteljninga som heiter *Sortere*, står det «Lytt til forteljninga» øvst på sida, medan det står «Lytt til fortellingen» lengre ned. Ikkje nok med det, står det også heilt til venstre på sida, der ein kan trykke seg tilbake til førre side, «Lytt til forteljningene» (sjå figur 3). Her møter altså nynorskelevar fleire ulike skrivemåtar for eitt ord, der berre eitt av orda er skrive korrekt etter nynorsk rettskriving. På den tilsvarande sida i den parallelle bokmålsversjonen er det «fortellingen» og «fortellingene» som er nytta.



Figur 3: Skjermdump frå nynorskversjonen av matematikkrommet for 1. trinn på Skolen, under «Lytt til forteljningene» og «Sortere». Her møter nynorskelevane tre ulike skrivemåtar for eitt ord, der berre eitt er i tråd med nynorske rettskrivingsreglar. Dei raude sirklane er mine markeringar.

Innslaga av bokmål framstår likevel som småfeil og slurv, og kan tyde på at sida fyrst er laga på bokmål, før den har vorte oversett til nynorsk, og at det innimellom er enkeltord som er gløymt eller oversett. For å sikre ein betre språkleg kvalitet kan Cappelen Damm likevel med fordel kvalitetssikre ressursen og gå gjennom språket ein gong til.

## 4.2.2 Gyldendal – Skolestudio

*Skolestudio* er Gyldendals digitale læringsmiljø, der alle Gyldendals digitale læringsressursar tilpassa Kunnskapsløftet 2020 er samla på ein stad (Gyldendal, u.å.-a). Her finn ein blant anna bokstøtte, smart øving, skulebibliotek, *Fagrom* og *Salaby*. Av desse ressursane er det berre *Fagrom* og *Salaby* som er inkludert i denne studien.


### 4.2.2.1 Multi *Fagrom* og *Salto Fagrom*

Gyldendals *Fagrom* er heildekkande digitale læringsressursar, og skal vere ein digital versjon av læreverka (Gyldendal, u.å.-b). Læringsinnhaldet her er basert på same manus som dei trykte bøkene, men tilpassa det digitale formatet. Det er tilgjengeleg *Fagrom* til alle grunnfag og trinn på grunnskulen, i tillegg til i dei fleste grunnfaga på vidaregåande. Både *Multi Fagrom* og *Salto Fagrom* finst i parallelle utgåver på nynorsk og bokmål, og ein kan enkelt endre skriftspråk ved å gå

inn i brukarval oppe til høgre, klikke på «vel målform», for så å huke av for ynskt språk. Når ein har vald skriftspråk, held ressursane seg til dette skriftspråket, også etter å ha vore logga ut.

I fagromma finn ein omtrent dei same ressursane i bokmålsversjonen som i nynorskversjonen. Nokre stader finn ein små forskjellar på dei to parallelle sidene. Nokon oppgåver er ulike fordi dei tek utgangspunkt i ulike tekster. Der det i bokmålsversjonen er nytta tekster skrivne på bokmål, er det i nynorskversjonen nytta andre tekster skrivne på nynorsk, og naturleg nok er også oppgåvene til desse tekstene derfor ulike. Andre stader finn ein derimot oppgåvesamlingar og oppgåver i bokmålsversjonen, som ikkje er tilgjengelege i nynorskversjonen, og der det heller ikkje eksisterer tilsvarende oppgåver. Dette ser ein blant anna under kapittelet «Tale og skrift» i *Salto 6*, under oppgåvesamlinga «Les og forstå». Der er det i bokmålsversjonen seks ulike oppgåver ein kan gå inn på, medan det i nynorskversjonen berre er tre.

Både i *Salto Fagrom* og *Multi Fagrom* framstår språket gjennomført og godt gjennomarbeidd i både bokmålsversjonen og nynorskversjonen, og det er relativt lite å utsette på rettskrivinga både på nynorsk og bokmål. Likevel ser ein i nynorskversjonen nokre få ord som er skrivne på bokmål, slik som denne setninga frå *Salto 3*, kapittel 18: «Skriv ordene i alfabetisk rekkefølge», der «ordene» ikkje er godkjend i nynorsk rettskriving. Andre stader er det illustrasjonar som tydeleg er laga til å illustrere eksemplar i bokmålsversjonen, men som ikkje passar med eksempla i nynorskversjonen, og dermed ikkje formidlar budskapet på ein like god måte (sjå figur 4). Likevel er inntrykket her altså at det er utført eit solid arbeid i omsetjinga.



Figur 4: Skjermdump frå nynorskversjonen (til venstre) og bokmålsversjonen (til høgre) av *Salto Fagrom 5*, under kapittelet *Grammatikk og rettskriving, rettskrivingsreglar*. Illustrasjonen er tydeleg laga til bokmålsversjonen, og passar dermed ikkje eksempla gjeve i nynorskversjonen. Dei raude sirklane er mine markeringar.

#### 4.2.2.2 *Salaby* norsk og matematikk


*Salaby* er eit eige digitalt læringsunivers for både barnehage og barneskule, der ein finn ei mengd av ressursar i alle fag (Gyldendal, u.å.-d). Redaksjonen bak *Salaby* utgjer eit kreativt miljø i Gyldendal, og innhaldet her skal vere engasjerande og stimulere til lærelyst (Gyldendal, u.å.-c). Det skal nemnast at nettstaden er utvikla med støtte frå UDIR, utan at eg har lykkast i å finne noko informasjon om kva dette inneber, eller om det i det heile gjeld dei sidene som her er inkludert. *Salaby* er tilgjengeleg på nynorsk og bokmål, og moglegheita til å byte språk er meir tydeleg og tilgjengeleg her enn i fagromma. Til ei kvar tid ser ein oppe i venstre hjørne kva skriftspråk som er valt, og ein kan enkelt endre ved å klikke der og endre til ynskt skriftspråk. Ressursen held seg til valt skriftspråk, også når ein loggar inn igjen etter å ha vore logga ut. Også her er nynorskversjonen og bokmålsversjonen parallelle ressursar med så godt som likt innhald. I datainnhentinga og gjennomgangen av ressursen såg eg berre ei oppgåve som berre låg tilgjengeleg på bokmålssidene, nemleg *adverbbingo* under grammatikk-kapittelet i norsk for 5.-7. trinn. Men, går ein inn på fellesaktivitetar lengre ned på sida i nynorskversjonen, ligg *adverbbingo* tilgjengeleg der, og det framstår altså som ein glipp at denne oppgåva ikkje låg inne på adverbsida, slik som i bokmålsversjonen.

Både i norsk- og matematikkressursane framstår språket som gjennomgåande godt gjennomarbeida, og i undersøkingane såg eg ingen ting å utsetje på den språklege kvaliteten, verken i nynorskversjonen eller i bokmålsversjonen. Språket fylgjer dei offisielle normene for rettskriving, det verka ikkje til å vere noko innslag av bokmål i nynorskversjonane, eller nynorsk i bokmålsversjonane, og det var ikkje noko å utsetje på ordval eller teiknsetjing. I denne ressursen verkar det til at det er gjort ein solid innsats for å skape eit godt språk i tråd med språknormene og krava i opplæringslova.

#### 4.2.3 Aschehoug univers – *Fabel og Matemagisk*

*Aschehoug univers (Aunivers)* er ei digital plattform med læringsressursar frå Aschehoug, som er utvikla for å støtte læring og undervisning (Aschehoug, u.å.). Her finst ei rekke læringsressursar, verktøy og innhald til alle fag, og alle trinn (Aschehoug, u.å.). *Aunivers* er tilgjengeleg på både nynorsk og bokmål som parallelle ressursar med omtrent likt innhald. I gjennomgangen såg eg ikkje nokon oppgåver som var tilgjengelege i berre ein av versjonane. For å byte mellom dei parallelle bokmåls- og nynorskversjonane, må ein inn i innstillingane oppe til høgre, for deretter å huke av for ynskt skriftspråk. Når ein har vald skriftspråk, held ressursen seg til dette også etter å ha vore utlogga.

I bokmålsversjonane framstår språket godt gjennomarbeida, og alt innhald er gjennomført på bokmål. I nynorskversjonane derimot, er det mykje innslag av bokmål, både på norsk- og matematikksidene. Her er det så mykje innslag av bokmål gjennom alle trinnssidene, at nynorskssidene kategoriserast som blanda nynorsk og bokmål. Nokon av kapitla er på bokmål, slik som «bli en språkforsker», medan andre er på nynorsk, som «meiningar og fakta». Inne på same side har nokon av oppgåvene namn på nynorsk, medan andre har namn på bokmål. Ein ser ord som «oppgaver», «vinkler», «figurer» og «de fire regneartene», på same side som ein møter orda «oppgåver», «skulen», «marknad» og «kvardagsmatematikk». Dette fenomenet finn ein gjennomført på alle trinnssidene for både norsk og matematikk. Spesielt ironisk er det kanskje at det i nynorskversjonen av *Fabel*, under modulen «rettskriving» står «Lær hvordan lyder og ord skrives» for 1. - 4. trinn (sjå figur 5) og «Her finner du tekster og oppgaver om rettskriving» for 5. - 7. trinn (sjå figur 6).



Figur 5: Skjermdump frå kapitlet om rettskriving i *Fabel 1 – 4*, nynorskversjonen. Den raude sirkelen er mi markering.

## FABEL 5-7

NORSK

[Om læremiddelet](#)

Figur 6: Skjermdump frå kapittelet om rettskriving i Fabel 5-7, nynorskversjonen. Den raude sirkelen er mi markering.

Ressursane frå Aschehoug framstår altså som godt gjennomarbeidd på bokmål, men derimot ikkje på nynorsk. Her verkar det tydeleg at ressursane originalt er på bokmål, og at det ikkje er lagt ned nokon særleg innsats for å omsetja resursane til nynorsk. For å oppfylle krava om språkleg parallellitet, og å kunne tilby eit likeverdig tilbod av læringsressursar på nynorsk, burde ressursane kvalitetssikrast av ein redaktør med god språkleg kompetanse innanfor både nynorsk og bokmål.

#### 4.2.4 Fagbokforlaget – *Ordriket* og *Volum*

*Ordriket* og *Volum* er dei digitale norsk- og matematikkressursane frå Fagbokforlaget, tilpassa Kunnskapsløftet 2020. Dei digitale nettressursane frå Fagbokforlaget er tett knytt til tilhøyrande læreverk i papirform, og inneheld kapittelnært stoff som fylgjer same struktur og kronologi som lærebøkene (Fagbokforlaget, u.å.). Det skal nemnast at begge ressursane er gratis i elevvisning, og framleis under utvikling.


Matematikkressursen *Volum* er eit heilt nytt læreverk tilpassa Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020, som framleis er under utvikling og utprøving, og førebels ligg det derfor føre lite ressursar her. Det er ikkje moglegheiter for å endre språket her, og alle ressursane som finst, er berre tilgjengelege på bokmål. Derfor blir det også uinteressant å seie noko vidare om oppgåvene i denne ressursen.

I norskressursen *Ordriket* kan ein enkelt byte mellom nynorsk og bokmål i ein meny oppe til venstre, der ein hukar av for enten nynorsk eller bokmål. I motsetnad til dei andre undersøkte

ressursane, må ein her velje skriftspråk inne på kvar trinnside, da det ikkje er nokon felles innstilling for dette som endrar språkvalet for alle sidene samtidig. Standarinnstillinga for *Ordriket* er bokmål, og om ein ynskjer nynorsk må ein altså endre skriftspråket på alle sju trinnssidene for å få alt på nynorsk. Når ein fyrst har vald ynskt skriftspråk, endrast ikkje dette utan at ein sjølv aktivt endrar det, sjølv om ein går ut av sida og går inn att seinare. Ressursen ligg føre i parallelle versjonar på bokmål og nynorsk, der hovudskilnaden er språket, men det er også skilnad på kor mykje oppgavesamlingar og oppgåver som er tilgjengeleg. I bokmålsversjonen finn ein både fleire oppgavesamlingar og oppgåver i dei fleste av trinnromma. For eksempel ser ein i trinnrommet for 7. klasse at det til saman i alle kapitla er tilgjengeleg sju fleire oppgavesamlingar, og at det i to av oppgavesamlingane som finst i nynorskversjonen, manglar enkelte oppgåver som ein finn i bokmålsversjonen. Dette er eit fenomen som går igjen i dei fleste trinnromma i *Ordriket*. Berre ein stad i ressursen, i trinnrommet for 3. klasse, fanst det ei oppgavesamling som berre var tilgjengeleg i nynorskversjonen. Oppgåvene som berre var tilgjengelege på ei av sidene var ikkje spesielle sidemålsoppgåver eller oppgåver som av annan grunn berre var relevante på det eine skriftspråket.

Språket i bokmålsversjonen framstår godt gjennomarbeidd, utan skrivefeil eller innslag av nynorsk. Nynorskversjonen derimot har ein del innslag av bokmålsord, både i oppgavesamlingar, namn på oppgåver og i sjølve oppgåvene. Fleire stader har det snike seg inn enkelte bokmålsord, slik som orda «høst» og «sommer» i fyrste kapittel frå fyrsteklasserommet, og ordet «sort» i setninga «det er like mange sorte og raude klossar», frå oppgavesamlinga «omgrepstrening» i kapittel 2. Andre stader møter ein same ord på både nynorsk og bokmål. For eksempel kan eit ord kome på bokmål i fyrste oppgave og på nynorsk i neste, før ein deretter møter same ord på både nynorsk og bokmål i ei tredje oppgave, slik ein ser i oppgavesamlinga «året rundt», i kapittel 1 i fyrsteklasserommet (sjå figur 7).





Figur 7: Skjermdump frå Ordriket 1, kapittel 1, oppgåvesamling «året rundt». Bileta viser oppgåve 2, 3, 4 og 5, der ein ser at bokmålsordet «sommer» og nynorskordet «sommar» blir nytta om kvarandre. Dei raude sirklane er mine markeringar.

Enkelte stader ser ein også ord som ikkje finst i verken Nynorsk- eller Bokmålsordboka (Språkrådet & Universitetet i Bergen, u.å.), som truleg ber preg av å ha vorte omsett frå bokmål. I kapittel 2 på fyrsteklassesida, under oppgåvesamlinga «omgrepstrening», ser vi for eksempel setninga «det er fleire elevar enn lærare», der ordet «lærare» kan verke som ei blanding av bokmålsbøyinga «lærere» og nynorskboyinga «lærarar». Ein ser også at ordet «snekkar», i tydinga handverkar, har fått ei alternativ bøying, da det etter nynorsk rettskriving skal skrivast «snikkar», medan det på bokmål heiter «snekker».

Språket i nynorskversjonen inneheld altså ein del bokmålsord, som kan tyde på at nynorskversjonen er omsett frå bokmål. Likevel framstår innslaga av bokmål som småfeil og slurv, da dei er relativt spreidd, og verkar til å vere gløymt eller rett og slett oversett. For å sikre gode læringsressursar for alle elevar uansett hovudmål, burde også ressursane frå Fagbokforlaget kvalitetssikrast av nokon med god språkkompetanse innanfor både nynorsk og bokmål.

## 5 Diskusjon

Hensikten med dette kapittelet er å sjå korleis funn og resultat svarar på studiens problemstilling: *Korleis er tilgangen på digitale læringsressursar på nynorsk frå fire marknadsleiande forlag av læreverk, mot tilgangen på bokmål, og korleis er den språklege kvaliteten i dei same ressursane?*

I dette kapittelet skal vi gå frå dei spesifikke funna beskrive i resultatkapittelet, til eit breiare perspektiv der ein ser desse resultata opp mot tidlegare forskning og relevant teori.

### 5.1 Oppsummering av dei viktigaste funna

Generelt kan vi seie at resultata av studien viser at dei undersøkte læringsressursane er lettare og meir tilgjengelege på bokmål enn på nynorsk. Av dei ti undersøkte læringsressursane er ni tilgjengelege på både bokmål og nynorsk i parallelle versjonar, med ulike typar menyval for å kunne endre språkinnstillingane. Berre Fagbokforlagets matematikkressurs *Volum* låg føre kun på bokmål. Gjennomgåande er det god språkleg kvalitet i bokmålsversjonane av alle dei undersøkte ressursane, med både korrekt språk og ordformer, og teiknsetjing i tråd med gjeldande normer for rettskriving. Den språklege kvaliteten er derimot ikkje like god i alle nynorskversjonane. Faktisk ser ein at av dei ni ressursane som fanst som nynorskversjon, hadde sju av dei i varierende grad innslag av ord som ikkje er i tråd med offisiell nynorsk språknorm. Dette var alt frå nokre få enkeltord på bokmål inni mellom, til heile setningar og oppgåvesamlingar på bokmål, men også bruk av ord som ikkje er i tråd med dei offisielle språknormene, verken på nynorsk eller på bokmål. Ressursane frå Aschehoug utmerka seg her i negativ forstand, som dei ressursane med absolutt mest innslag av bokmål i nynorskversjonane. Både *Matemagisk* og *Fabel* hadde så mykje innslag av bokmål i versjonane på nynorsk at dei i tabell 1 og 2 (sjå side 23) er kategoriserte som /bl/, som vil seie at språket er ei blanding av nynorsk og bokmål. Ressursane frå Aschehoug er derfor, saman med Fagbokforlagets *Volum*, markerte med raudt i tabell 1 og 2 for å markere at desse er problematiske og ikkje i tråd med bestemmingane i opplæringslova.

Som alt nemnt, var alle ressursane, utanom matematikkressursen *Volum*, tilgjengelege på både bokmål og nynorsk i parallelle versjonar. Dei parallelle versjonane frå same forlag er altså oppbygd på same måte, med dei same temaa, oppgåvesamlingane og oppgåvene, men i ulik språkdrakt. Likevel ser ein at det i fleire ressursar var tilgjengeleg fleire oppgåvesamlingar og oppgåver i bokmålsversjonen enn i den parallelle versjonen på nynorsk. I datainnsamlinga vart det funne kun ei oppgåvesamling som berre var tilgjengeleg i nynorskversjonen. Dette var ikkje sidemålsoppgåver eller andre oppgåver som ikkje er relevante på det andre skriftspråket, og det var

derfor ikkje nokon audsynt grunn til at desse oppgåvene ikkje kunne vore tilgjengelege i begge versjonane.

Innslaga av bokmål i nynorskversjonane, i tillegg til førekomsten av ord i strid med offisiell norsk språknorm, kan tyde på at fleire av ressursane, om ikkje alle, originalt er forfatta på bokmål, før dei deretter er omsett til nynorsk. Ingrid Oos Hove, redaksjonssjef i Gyldendal, uttala i 2021 til Noregs Mållag at dei fleste lærebøker blir skrivne på bokmål og omsett til nynorsk, fordi dei fleste forfattarane skriv bokmål (Grov, 2021). Dette gjeld nok dei fleste forlaga av læreverk, da det er ei kjend problemstilling at nynorskelevar ofte må vente lengre på nye lærebøker enn bokmålelevar, trass i bestemmingane om parallellitet i opplæringslova (Grov, 2021). I utgangspunktet spelar det ikkje nokon rolle kva versjon som blir laga fyrst og om ressursen er omsett frå eit anna skriftspråk, så lenge ressursane er tilgjengelege til same tid og at det blir lagt ned eit grundig arbeid i omsetjinga. Når ein derimot ser av den språklege kvaliteten i læringsressursen at han er omsett, er det ikkje gjort ein tilstrekkeleg jobb i omsetjinga og i prosessen med å skape eit godt språk i tråd med gjeldande språknorm. Dette går ikkje berre ut over kvaliteten av heile læringsressursen, men det vil også gå utover elevane som blir møtt av språklege feil og språk i strid med offisielle språknormer, og implementeringa av språknormer for nynorsk. I fleire tilfelle ser vi altså at sjølv om ressursen er tilgjengeleg på nynorsk, er kvaliteten likevel dårlegare og nynorskelevar møter ikkje språket dei har ein lovbestemt rett til å lære.

Parallellitetskravet i opplæringslova lovfestar at i *alle andre fag enn norsk* skal alle læringsressursar som skal nyttast i skulen vere tilgjengelege på bokmål og nynorsk til same tid og til same pris (§9-4). Av dei undersøkte ressursane er det derfor berre matematikkressursane som er underordna kravet om parallellitet. Paragrafen seier ikkje noko om at ressursane skal kome i parallelle versjonar eller at det skal føreligge like mykje ressursar på begge skriftspråka. Eit krav som derimot omfattar alle dei undersøkte ressursane, er kravet om offisiell rettskriving, som seier at «Norske og samiske lærebøker og tilsvarande digitale læremiddel som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med offisiell rettskriving» (Opplæringslova, 1998, §9-4). Med dette i minne kan det vere rom for å diskutere i kva grad nynorskressursane med innslag av bokmål oppfyller denne lovfesta bestemminga, og kanskje burde fleire av ressursane i tabell 1 og 2 vore markert i raudt.

Dei fire forlaga av dei undersøkte ressursane har i denne studien fått eit kritisk blick retta mot seg, fordi dei alle er relativt store norske forlag som er ein del av det norske språksamfunnet. Som utgjevar av ressursar nytta i skulen har ein eit ansvar for å skape ressursar som legg til rette for at alle elevar har like moglegheiter til å lære, og det inkluderer å skape gode læringsressursar, både digitale og ikkje digitale, som støttar både nynorsk og bokmål, og slik motverkar språkleg diskriminering og sikrar ei rettferdig utdanning for alle. Trass i kritiske blick har formålet med

undersøkinga på ingen måte vore å henge ut forlaga i å ikkje gjere ein tilstrekkeleg jobb med å skape gode ressursar på nynorsk, da ein må hugse på at forlaga, trass i ein del slurv og dårleg handverk, faktisk har lagt ned ein innsats i å lage parallelle ressursar på begge skriftspråka. Det er trass alt meir enn det mange store og internasjonale aktørar har, og nokon gong vil, ta seg bryet med.

## 5.2 Mine resultat mot tidlegare forskning

Generelt ser vi altså at ressursane på bokmål er meir gjennomarbeida og av høgare kvalitet enn dei parallelle nynorskressursane. På ei side kan ein kanskje seie at resultatata overraskar, da dei undersøkte ressursane er produsert av etablerte norske forlag som er ein del av det norske språksamfunnet, og derfor burde ha som mål å lage læringsressursar av like god kvalitet til alle norske elevar. Ein bør kunne forvente at dei norske forlaga set seg inn i og fylgjer gjeldande norsk lovverk for læringsressursar som kan nyttast i skulen.

På den andre sida er resultatata langt ifrå overraskande, da dei i stor grad samsvarar med tidlegare forskning. Alt i 2001 fann Noregs Mållag og Norsk Målungdom at det i nynorskversjonane av dei digitale læringsressursane som vert undersøkt, var mykje slurv, slik som innslag av bokmål i tekst og overskrifter, tabellar på bokmål, og at fleire av oppgåvene berre fanst på bokmål (Noregs Mållag & Norsk Målungdom, 2001). Også Høgskulen i Vestfold såg i si undersøking frå 2013 at det ikkje var tilgjengeleg nynorskversjonar av alle dei undersøkte nettstadene, og at der det var nynorskversjon tilgjengeleg såg ein mykje innslag av bokmål i menyar, bilettekster og lenkjer til fagsider, og generelt at tidspress og hastverksarbeid prega den språklege kvaliteten (Skjelbred et al., 2013). Innslaga av bokmål, generelt slurv og preg av hastverksarbeid i nynorskressursane, i tillegg til at det er meir stoff tilgjengeleg i ressursane på bokmål, er altså ikkje noko nytt og overraskande funn.

Ein ting som derimot kan sjå ut til å ha utvikla seg i rett retning, er forlagas forståing av parallellitetskravet, og at digitale ressursar også er underlagt dette kravet. For medan ein i 2008 kunne sjå at fleire forlag tolka lovverket til å ikkje gjelde dei digitale ressursane, og at bokmål derfor var einerådande i desse, ser ein i dag av denne studien at ni av ti undersøkte ressursar hadde nynorskversjon tilgjengeleg, sjølv med noko varierende språkleg kvalitet. Om ein derimot ser frå eit større perspektiv og inkluderer andre aktørar enn berre dei etablerte forlaga, ser ein ikkje ei like positiv utvikling. Myking fann i si undersøking frå 2017 at berre 15 av 104 appar nytta i nynorskskular, fanst på nynorsk, medan LNK, Pirion og Framtida.no same år fann at tre av fire lærarar i nynorskskular nytta digitale ressursar på bokmål minst ein gong i veka, fordi ressursane

ikkje var tilgjengelege på nynorsk (Langåker, 2018; Myking, 2018). Undersøkinga gjort av Framtida.no og LNK frå 2020 viste same utvikling, da fire av fem lærarar i nynorskskular nytta ressursar på bokmål minst ein gong i veka eller oftare (Langåker, 2020).

La oss gå tilbake til studiens problemstilling: *Korleis er tilgangen på digitale læringsressursar på nynorsk frå fire marknadsleiande forlag av læreverk, mot tilgangen på bokmål, og korleis er den språklege kvaliteten i dei same ressursane?* Resultata av studien viser mykje av det same som tidlegare forskning dei siste 20 åra, nemleg at tilgangen på digitale læremiddel er språkleg sett betre på bokmål enn på nynorsk. Av dei ti undersøkte ressursane, var ni tilgjengelege på nynorsk som parallelle versjonar til bokmålsversjonane. Likevel viste det seg at det i fleire av ressursane var færre oppgåver tilgjengeleg i versjonane på nynorsk. I dei ressursane som fanst på nynorsk, såg ein også i varierende grad innslag av bokmål, innslag av ord i strid med både bokmål og nynorsk, bruk av illustrasjonar tilpassa bokmålsversjonen, og eit generelt inntrykk av slurv og hastverksarbeid. Om ressursane er tilgjengelege på nynorsk, er den språklege kvaliteten i mange tilfelle likevel dårlegare.

## 5.3 Drøfting i ljøs av teori

Nynorsk og bokmål representerer det rike språklege mangfaldet i Noreg, og for å kunne anerkjenne, fremje og halde på dette språkmangfaldet er det sentralt at elevar møter og lærer språket sitt i utdanningsløpet. Med ein sentral plass i undervisningskvardagen er det derfor heilt avgjerande at læringsressursane som nyttast i skulen er tilgjengelege på begge skriftspråka, for at ein skal kunne bevare og styrke den språklege identiteten til både nynorsk- og bokmålsbrukarar. Når vi da veit at nynorskelevar møter mange digitale læringsressursar med dårleg språkleg kvalitet og mykje innslag av bokmål, sjølv i nye og oppdaterte ressursar utgjeve av norske forlag, kan ein spørje kva konsekvensar dette eigentleg har, både for kvar enkelt elev og for nynorsk som eit offisielt norsk skriftspråk.

### 5.3.1 Konsekvensar på individnivå

At nynorskelevar møter læringsressursar med dårleg språkleg kvalitet eller ikkje møter språket sitt i det heile, kan føre til fleire negative konsekvensar både for enkelteleven og for det nynorske skriftspråket. I fyrste omgang kan mangel på læringsressursar på begge skriftspråka føre til redusert forståing og læring blant elevane. På same måte som at elevar med bokmål som hovudmål kan oppleve vanskar med å lese og forstå enkelte nynorskord, kan nynorskelevar som ikkje har tilgang til læringsressursar på nynorsk oppleve vanskar med å forstå og lære stoffet, da språket er ein

nøkkelkomponent i kunnskapstileigninga og sentralt for å kunne integrere informasjonen på ein meningsfull måte. Med manglande forståing og læring vil også motivasjonen og interessa for læring bli lågare, som med tida kan føre til lågare akademiske prestasjonar og tap av potensial.

At elevar møter skriftspråket sitt i læringsressursar er også viktig når ein veit at eksponering av skriftspråket er naudsynt for å lære å skrive språket og bli ein kompetent språkbrukar (Vangsnes et al., 2017, s. 230). Alt i førskulealder og i den fyrste lese- og skriveopplæringa ser ein at eksponering av språket er viktig, da ein ser samanhengar mellom kor mykje ein blir eksponert for språket tidleg i livet, og kor trygg ein blir på skriftspråket seinare (Vangsnes et al., 2017, s. 230-235). Statistisk orienterte syn på staveutvikling stør også argumenta om eksponering av skriftspråket, da det også her blir lagt vekt på at barn lærer skriftspråk basert på statistiske hypotesar dei lagar seg ut frå språk dei ser rundt seg (Juuhl, 2022, s. 40).

Eksponering av skriftspråket er ikkje berre viktig tidleg i livet og i den fyrste lese- og skriveopplæringa, men også etter at elevane har automatisert avkodinga og innkodinga. Når ein går over i den andre lese- og skriveopplæringa er mengdetrening og eksponering viktig for å øve både reseptive og produktive ferdigheiter innan språket, og for å meistre dei meir tekniske sidene som formverk og ortografi. For å tileigne seg produktive ferdigheiter må ein lese språket nok til å danne eit grunnlag til å kunne gjere seg statistiske slutningar om språket, og slik danne seg eit skriftbilde som set seg i minnet (Juuhl, 2022, s. 44). Dersom elevar med nynorsk som hovudmål tek i bruk læringsressursar som ikkje finst på nynorsk eller som inneheld mykje feil og bokmålsord, og får beskjed frå ressursen om at dei skriv feil når dei stavar ord på nynorsk, styrkjer ikkje det dei statistiske hypotesane deira om korleis det nynorske skriftspråket ser ut (Juuhl, 2022, s. 42). Enda verre er det om lese- og skriveopplæringsappar for den fyrste lese- og skriveopplæringa konsekvent rettar nynorsken elevane skriv til bokmål. Moglege konsekvensar av dette er at nynorskelevar får vanskar med å forstå og nytte nynorsk i ulike samanhengar, eller i verste fall at elevane kan verta eksponert for så mykje bokmål, at dei ikkje lærer nynorsk, men bokmål når dei lærer å skive, noko som sjølv sagt er svært problematisk når elevane har ein lovfesta rett til å lære språket sitt på skulen (Juuhl, 2022, s. 42-43).

Sjølv om bokmål og nynorsk etter lova er likeverdige språk og skal vere jamstilte i offentlege organ (Språklova, 2021, § 4), er det liten tvil om at bokmål er det språket som dominerer i det norske samfunnet. Om nynorsk dominerer i lokalsamfunnet i robuste nynorskområde, er det bokmål som dominerer som nasjonalt majoritetsspråk også her, og nynorskelevar blir i svært stor grad eksponerte for bokmål gjennom for eksempel nettaviser, TV og sosiale medium (Språkrådet & Nynorsksenteret, 2022, s. 40). Ein mykje kjend konsekvens av ein slik språkleg kontaktsituasjon er at brukarane av minoritetsspråket med tida vil ta i bruk majoritetsspråket, men dette kjem eg tilbake

til i kapittel 5.3.2. (Lunde, 2020, sitert i Språkrådet & Nynorsksenteret, 2022). Med denne bokmålsdominansen rundt i samfunnet og ei massiv bokmåls eksponering møter ikkje nynorskelevar språket sitt på fritida i same grad som elevar med bokmål som hovudmål gjer, og skulen spelar slik ei viktig rolle for at elevar med nynorsk som hovudmål skal kunne møte, lære og halde på språket sitt, sjølv i kjerneområda for nynorsk (Språkrådet & Nynorsksenteret, 2022, s. 40). Det er derfor heilt naudsynt for at elevane skal lære skriftspråket sitt at dei møter det i skulen og i opplæringa, og at ressursane nytta i opplæringa fylgjer norsk språknorm for å møte språkbehova til elevane.

Manglande møte med nynorsk i skulen og i læringsressursar kan også påverke elevane si sjølvkjensle og deira språklege identitet. Som vi såg i kapittel 2.1 er det ei relativt vanleg oppfatning blant folk flest at språk og identitet heng saman og er nært forbunde med kvarandre, men korleis ein forstår denne samanhengen er likevel meir kompleks, da det avhenger av kva forståing av identitetsomgrepet ein legg til grunn (Hårstad et al., 2021, s. 40). Ulike perspektiv på identitet har til ulike tider vore framtrudande både i språkvitskapen og i samfunnet generelt, men med bakgrunn i gjeldande teori legg eg her til grunn Mæhlum (2008) si forståing av identitet som ei elv, og Hårstad, Mæhlum og van Ommeren (2021) si sosialkonstruktivistiske forståing av omgrepet. Med det forståast identitet her som noko foranderleg og variabelt, men som samtidig har meir stabile og konstante sider. Dei foranderlege sidene blir påverka av møter med både skriftleg og munnleg språk, og dei meir konstante sidene vil over tid la seg påverke av det variable. Med dette til grunn kan manglande møte med nynorsk i læringsressursar påverke nynorskelevar si sjølvkjensle kring bruk av språk, og over tid også påverke deira språklege identitet. Når nynorskelevar til stadigheit møter læringsressursar med dårleg språkleg kvalitet, feil og innslag bokmål, eller at ressursane ikkje er tilgjengelege på nynorsk i det heile, gjev det inntrykk av at nynorsk ikkje er like viktig og relevant som bokmål. Dette kan føre til at nynorskelevar kan føle seg ekskludert og underrepresentert, eller oppleve at sitt språk og sin kultur ikkje blir anerkjend i opplæringa, som i verste fall kan føre til målbyte, som eg går nærare inn på i kapittel 5.3.2.

I samband med språk og identitet er det òg relevant å nemne identitetsforhandlingar, som er ein mykje nytta metafor for korleis vi uttrykkjer og forhandlar om identiteten vår gjennom bruken av språk (Hårstad et al., 2021, s. 43). Som språkbrukarar kan vi gjennom språkhandlingane våre bringe eit uttrykk for kven vi er, men vi kan derimot ikkje diktere korleis andre skal forstå og respondere på desse språklege identitetshandlingane (s. 43). Dei vi interagerer med, vil likevel gjennom måten dei opptrer på, fortelje oss korleis dei opplev oss, og på bakgrunn av responsen vi får, fattar vi slutningar om korleis vi vidare skal opptre (s. 43). Altså forhandlar vi om korleis vi vil stå fram i ulike samanhengar gjennom bruk av språket, og gjennom å «spegle oss» i andre sin åtferd og respons (s. 53). På denne måten forhandlar vi om identiteten vår gjennom bruken av språket,

både bevisst og ubevisst (s. 43). Sjølv om identitetsforhandlingar ofte assosierast med munnleg kommunikasjon og kroppsspråk, spelar òg skriftleg språk ei viktig rolle i konstruksjonen og forhandlinga av identitet. Møter med skriftleg tekst i formelle og uformelle settingar vil påverke individ si oppfatning av språk, og val av stil og språkbruk kan reflektere og forhandle identitet, medan val av skriftspråk signaliserer tilhøyrse til bestemte sosiale grupper.

Når læringsressursane på nynorsk gjennomgåande har dårlegare språkleg kvalitet enn dei parallelle bokmålsversjonane, eller at ressursane ikkje er tilgjengelege på nynorsk i det heile, formidlar det haldningar om at nynorsk ikkje er like viktig eller ikkje blir verdsett på lik linje som bokmål. I ljøs av identitetsforhandlingar kan det føre til at elevar med nynorsk som hovudmål ikkje opplev språket sitt som verdsett på lik linje som bokmål og slik speglar desse haldningane, og i verste fall «forhandlar vekk» nynorsk til fordel for bokmål.

### 5.3.2 Konsekvensar for nynorsk som eit likeverdig bruksspråk

At læringsressursane har gjennomgåande dårlegare språkleg kvalitet i nynorskversjonane, eller ikkje er tilgjengelege på nynorsk i det heile, går ikkje berre ut over nynorskelevane som har krav på å møte språket sitt i opplæringa, men det vil også verke svært negativt inn på nynorsk som eit likeverdig bruksspråk i det norske samfunnet.

Språkbyte handlar om prosessen som skjer når eitt språk tek over for eit anna som fyrstespråk, for eksempel at elevar som opphavelig har nynorsk som hovudmål, byter til bokmål i løpet av skulegangen (Språkrådet & Nynorsksenteret, 2022, s. 25). Årsakene til språkbyte kan vere mange, men oppstår gjerne når ulike språk møtes og det dominerande språket tek over for det andre, og brukarar av minoritetsspråket med tida tek i bruk majoritetsspråket (Lunde, 2020, sitert i Språkrådet & Nynorsksenteret, 2022). I ein norsk samanheng kan språkbyte blant nynorskelevar ha fleire årsaker, deriblant den enorme eksponeringa av bokmål i samfunnet og mangel på eksponering av nynorsk, møte med negative haldningar knytt til språket, eit ikkje tilstrekkeleg opplæringstilbod på skriftspråket og mangel på tilfredsstillande ressursar på nynorsk. Prosentandelen av elevar med nynorsk som hovudmål i grunnskulen har vore fallande dei seinare åra, og vi veit at det skjer eit relativt stort språkskifte blant nynorskelevar i skulen (Språkrådet & Nynorsksenteret, 2022, s. 18). Eit gjennomsnitt frå dei siste 15 åra viser at 11,8 % av nynorskelevane byter til bokmål i løpet av grunnskulen, medan om lag halvparten av elevane med nynorsk som hovudmål i grunnskulen, byter til bokmål i overgangen til, eller i løpet av den vidaregåande opplæringa (s. 10). Grunna mangel på tilgang til pålitelege data om elevar sitt skriftspråk i vidaregåande skule, er det vanskeleg å vite noko sikkert om språkval og språkbyte i vidaregåande opplæring, men Ottar Grepstad stipulerer at



om lag ein av tre nynorskbrukarar byter til bokmål før fylte 20 år (Grepstad, 2020, sitert i Språkrådet & Nynorsksenteret, 2022, s. 10, 18). Dette aukande språkskiftet frå nynorsk til bokmål er alvorleg på den måten at det gjer bruken av nynorsk mindre, som også vil gjere at det samla handlingsrommet for nynorsken vert mindre og nynorsken blir svekka ytterlegare (Språkrådet & Nynorsksenteret, 2022, s. 18).

Ein annan konsekvens av at elevar med nynorsk som hovudmål møter språk i strid med nynorske språknormer i opplæringa og i læringsressursar, er at dei ikkje lærer nynorsk syntaks og ortografi i tråd med dei fastsette språknormene, og med det ikkje kan uttrykke seg korrekt på skriftspråket. I vårt moderne samfunn møter ein enorme tekstmengder rundt i samfunnet som stort sett ikkje er forplikta til å fylgje dei fastsette språknormene, slik tekstar nytta i opplæring forpliktar. Med denne enorme eksponeringa av friare tekster på fritida, blir skulen ein heilt sentral arena for implementeringskjeda og innlæring av dei gjeldande normene for rettskriving, og for utvikling av skriftspråket. Slik får skulen ein heilt sentral jobb i forsikringa av at nye generasjonar lærer korrekt språk i tråd med rettskrivingsnormene. Om læringsressursane som vert nytta i skulen da ikkje er tilgjengelege på nynorsk, eller inneheld mykje feil og språk i strid med gjeldande språknormer, vil ikkje elevar med nynorsk som hovudmål møte og lære korrekt nynorsk, og med det vil bruken av nynorsk blir mindre, språket får mindre handlingsrom og nynorsken stiller enda svakare.

Når læringsressursane ikkje er tilgjengelege på nynorsk eller inneheld mykje språkfeil, vil det også stille enda større krav til lærarane. Som lærar har ein ansvar for at elevane gjennom skulegangen møter og lærer sitt hovudmål, og forskrift til opplæringslova fastset retten til læremiddel på ynskt skriftspråk (Forskrift til opplæringslova, 2006, § 17-1). Når mange læringsressursar har mykje innslag av bokmål og ord i strid med nynorsk rettskrivingsnorm, vil ansvaret ligge på læraren å skulle vere bevisst og ha kompetanse til å kunne vurdere den språklege kvaliteten i ressursane, og slik kunne støtte elevane i skriftspråkutviklinga når det er lite støtte i læringsressursane. Utdanningsinstitusjonane har altså eit ansvar for sikre at alle lærarstudentar får god kompetanse på begge skriftspråka, sjølv studentar utan norsk i fagkrinsen, og at ferdigutdanna lærarar har kunnskap til å kunne vurdere den språklege kvaliteten i læringsressursar. Likevel viser masteroppgåva til Ida Marie Jegteberg at fleire utdanningsinstitusjonar ikkje sikrar nynorskkompetansen til studentane utan norsk i fagkrinsen på ein god nok måte, og at det krev tydelegare retningslinjer for at nynorskkompetansen til komande lærarar som ikkje vel norsk som fag skal betrast (Jegteberg, 2021, s. 92).

Jobben med å finne gode læringsressursar blir altså meir utfordrande for nynorsklærarar når det viser seg at tilgangen på gode ressursar på nynorsk er mindre enn tilgangen på bokmål, og når mange av dei ressursane som faktisk finst på nynorsk har dårlegare språkleg kvalitet enn dei

parallelle bokmålsressursane, blir det for lærarane ikkje mogleg å overhalde språkrava når ressursane ikkje er gode nok og tilpassa alle.

## 6 Konklusjon

Føremålet med denne masteroppgåva har vore å undersøke tilgangen på nye digitale læringsressursar på nynorsk, mot på bokmål, etter innføringa av nye læreplanar i 2020, gjennom problemstillinga: «*Korleis er tilgangen på digitale læringsressursar på nynorsk frå fire marknadsleiande forlag av læreverk, mot tilgangen på bokmål, og korleis er den språklege kvaliteten i dei same ressursane?*». Gjennom overordna analysar av språkleg tilgjengelegheit og kvalitative analysar av språkleg kvalitet i ti læringsressursar, viser resultatane at ni av ti ressursar fanst parallelt på begge skriftspråk, medan éin berre fanst på bokmål. Fleire av ressursane hadde meir innhald tilgjengeleg i versjonane på bokmål, og dei fleste ressursane hadde betre språkleg kvalitet i bokmålsversjonane enn i dei tilsvarande på nynorsk. Språket i fleire av nynorskressursane var prega av slurv, feil og ord i strid med rettskrivingsnormer, og dei fleste ressursane bar preg av å originalt ha vore forfatta på bokmål før dei, med varierende innsats, er omsett til nynorsk. Berre to av ressursane kan seiast å ha like god kvalitet på nynorsk som på bokmål, både innan tilgjengelegheit, innhald og språkleg kvalitet. Om dei fleste ressursane oppfyller krava om språkleg parallellitet, ser ein altså at versjonane på nynorsk ofte ikkje er like gode som dei parallelle bokmålsversjonane, og nynorskelevar blir møtt av eit dårlegare tilbod enn elevar med bokmål som hovudmål.

I over femti år har aktive nynorskbrukarar og nynorskentusiastar engasjert seg for å sikre læringsressursar på nynorsk på lik linje som på bokmål, men til tross for lovfesta rettigheter ser ein framleis at nynorskelevar ikkje møter og lærer språket dei har krav på i tilstrekkeleg grad, og temaet er like aktuelt i dag. Med ei auka digitalisering i skulen, nye læreplanar frå 2020, ei ny språklov i 2022 som skal fremje likestilling mellom nynorsk og bokmål, og ikkje minst eit pågåande arbeid med ny opplæringslov, er kampen for nynorske læremiddel meir aktuell enn nokon gong for å kunne sikre ein likeverdig tilgang til læringsressursar på begge skriftspråk, og slik kunne bevare og styrke den språklege identiteten til nynorskbrukarar. Med desse store omveltingane dei seinare åra og i komande år er dette eit svært aktuelt forskingsfelt som opnar opp for meir forskning, og som gjev moglegheiter for nye perspektiv og vinklingar.

I denne masteroppgåva er det læringsressursar frå grunnskulen i faga norsk og matematikk som er teke for seg, og liknande undersøkingar med utgangspunkt i andre fag og trinn ville derfor ha bidrege til eit større og meir heilskapleg bilete av feltet. I forlenginga av denne studien hadde det også vore aktuelt å undersøke lærarar si bevisstheit om kvaliteten i læringsressursar, når ein veit at mange ressursar på nynorsk inneheld mykje feil og ord i strid med språknormene. Ein kan også undersøke om lærarar utan norskfagleg kompetanse er kompetente til å vurdere den språklege kvaliteten i (nynorsk)ressursar, eller faktisk har kompetanse til å støtte elevane i

skriftspråksutviklinga når ein veit at det i mange læringsressursar er lite støtte for nynorskelevar. Også arbeidet med den nye opplæringslova skapar behov for forskning rundt kva konsekvensar dette har for nynorsk og nynorskelevar i skulen, og om opplæringslova legg til rette for, eller ikkje legg til rette for, ei likeverdig opplæring for alle elevar.

Sjølv om denne masteroppgåva i det store bildet utgjer ein relativt liten og avgrensa studie og på ingen måte kan generaliserast, vil resultata likevel gje uttrykk for tendensar og vise eit innblikk i dagens status for læringsressursar på nynorsk. Gjennom ny empiri bidreg studien til ny kunnskap om eksisterande tilbod til nynorskelevar og kunnskap om den språklege kvaliteten i dei nye læringsressursane. Studien avdekker at fleira av forlaga ikkje sikrar gode nok læringsressursar til alle elevar og slik ikkje legg til rette for like moglegheiter for nynorsk- og bokmålelevar. Resultata viser same tendensar som tidlegare forskning dei siste 20 åra og føyer seg slik inn i rekka av studiar som syner at den lovfesta språklege jamstillinga mellom nynorsk og bokmål ikkje er reell i opplæringa, og at dagens læringsressursar ikkje sikrar eit rettferdig og likeverdig opplæringstilbod for nynorskelevar. Alle elevar i Noreg har rett til ei likeverdig utdanning, uansett kva skriftspråk ein nyttar, og for å kunne bevare og styrke den språklege identiteten til både nynorsk- og bokmålsbrukarar, må det i framtida leggst meir vekt på å sikre gode læringsressursar på både nynorsk og bokmål. Konsekvensane av manglande nynorskressursar og dårleg språkleg kvalitet på nynorsk, er ikkje berre at nynorskelevar ikkje møter og lærer språket dei har ein lovfesta rett til å lære, men i verste fall vil utviklinga føre til ei mørk framtid for det nynorske språket og det norske språkmangfaldet.

# Litteratur

Almenningen, O., Hoel, O. L., Pilskog, G. M. & Tangen, H. (2003). *Studentar i målstrid:*

*Studentmållaget i Oslo 1900-2000*. Studentmållaget i Oslo Samlaget.

Anker, T. (2020). *Analyse i praksis: En håndbok for masterstudenter*. Cappelen Damm Akademisk.

Aschehoug. (u.å.). *Aschehoug univers – digitale læremidler*. Henta 28. mars 2023, frå

<https://skole.aschehoug.no/aschehoug-univers>

Befring, E. (2020). *Sentrale forskningsmetoder - med etikk og statistikk (2.)*. Cappelen Damm

Akademisk.

Cappelen Damm. (u.å.). *Hva er Skolen?* Henta 18. mars 2023, frå [https://skolen.cdu.no/\\_/hva-er-](https://skolen.cdu.no/_/hva-er-skolen-629f475704f7531dafdf0791)

[skolen-629f475704f7531dafdf0791](https://skolen.cdu.no/_/hva-er-skolen-629f475704f7531dafdf0791)

Fagbokforlaget. (u.å.). *Digitale læreverv barnetrinn*. Fagbokforlaget.no. Henta 28. mars 2023, frå

<https://www.fagbokforlaget.no/Verk/Digitale-laereverk-barnetrinn>

Forskrift til opplæringslova. (2006). *Forskrift til opplæringslova (FOR-2006-06-23-724)*. Lovdata.

<https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724>

Gilje, Ø. (2017). *Læremidler og arbeidsformer i den digitale skolen*. Fagbokforlaget.

Godal, A. M. (2022). Språknormering. I *Store norske leksikon*.

<https://snl.no/spr%C3%A5knormering>

Grepstad, J. & Allkunne. (2023). Målform. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/m%C3%A5lform>

Grov, A. M. (2021). *Kampen som aldri tek slutt*. Noregs Mållag. [https://www.nm.no/kampen-som-](https://www.nm.no/kampen-som-aldri-tek-slutt/)

[aldri-tek-slutt/](https://www.nm.no/kampen-som-aldri-tek-slutt/)

Grunnskolelova. (1969). *Lov om grunnskolen (LOV-1969-06-13-24)*. Lovdata.

<https://lovdata.no/lov/1969-06-13-24>

Gyldendal. (u.å.-a). *Alt du trenger å vite om Skolestudio*. Henta 18. mars 2023, frå

<https://skolestudio.no/aktuelt/om-skolestudio>

Gyldendal. (u.å.-b). *Hvilke produkter finner du i Skolestudio?* Henta 18. mars 2023, frå

<https://skolestudio.no/aktuelt/produkttyper>

- Gyldendal. (u.å.-c). *Salaby*. Henta 28. mars 2023, frå <https://www.salaby.no/>
- Gyldendal. (u.å.-d). *Salaby - digitalt læringsunivers for barnetrinnet*. Henta 28. mars 2023, frå <https://www.gyldendal.no/grs/salaby/c-184969/>
- Hårstad, S. (2019). Læreboka som agent i reproduksjon av språklige virkeligheter: Ei kritisk nærlesing av tre norsklæreverk for småtrinnet. *Målbryting*, 10, 23–47.  
<https://doi.org/10.7557/17.4810>
- Hårstad, S., Mæhlum, B. & Ommeren, R. van. (2021). *Blikk for språk: sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet* (1. utgave.). Cappelen Damm Akademisk.
- Jegteberg, I. M. (2021). *Von om bedre tider? Ei gransking av grunnskulelærerutdanningane si sikring av nynorskkompetansen til studentane på retninga 5–10 utan norsk i fagkrinsen*. [Masteroppgåve]. Høgskulen på Vestlandet.
- Juuhl, G. K. (2022). Nynorsk som hovudmål. I *Nynorskdiraktikk* (s. 36–52). Samlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Overordnet del - verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Fastsatt som forskrift ved kongelig resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/verdier-og-prinsipper-for-grunnopplaringen/id2570003/>
- Kunnskapsdepartementet. (2019). *Læreplan i norsk (NOR01-06)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/nor01-06?lang=nob>
- Langåker, S. O. B. (2018). *4 av 5 lærarar slit med å finna digitale læremiddel på nynorsk*. Framtida.No. <https://framtida.no/2018/04/12/4-av-5-laerarer-slit-med-a-finna-digitale-laeremiddel-pa-nynorsk>
- Langåker, S. O. B. (2020). *Nynorske elevar blir tvinga til å bruka bokmål*. Framtida.No. <https://framtida.no/2020/03/19/nynorske-elevar-blir-tvinga-til-a-bruka-bokmal>
- Lov om videregående opplæring. (1974). *Lov om videregående opplæring* (LOV-1974-06-21-55). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1974-06-21-55>

- Myking, S. M. (2018). *Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk*. Noregs Mållag. [https://www.nm.no/app/uploads/2021/06/rapport\\_laeremiddel-1.pdf](https://www.nm.no/app/uploads/2021/06/rapport_laeremiddel-1.pdf)
- Mæhlum, B. (2008). Språk og identitet. I *Språkmøte: innføring i sosiolingvistik* (2. utg., s. 105–126). Cappelen akademisk forlag.
- Noregs Mållag & Norsk Målungdom. (2001). *Rapport om stoda for nynorske læremiddel*. <http://www.krundalen.no/blogg/wp-content/uploads/2012/04/Leremiddelrapport.pdf>
- NOU 2019: 23. (2019). *Ny opplæringslov*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-23/id2682434/>
- Nyeng, F. (2012). *Nøkkelbegreper i forskningsmetode og vitenskapsteori*. Fagbokforlaget.
- Nynorsk kultursentrum. (2021). *Ungt språkengasjement*. Nynorsk.no. <https://nynorsk.no/nettutstillinger/ungt-sprakengasjement/>
- Omdal, H. (2004). *Språknormering - med mål i sikte?: om ymse effekter av norsk språknormering i 100 år: Bd. nr 39*. Høgskoleforl. i samarbeid med Høgskolen i Agder. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2015091706114](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2015091706114)
- Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61>
- Prop. 108 L (2019-2020). (u.å.). *Lov om språk (språklova)*. Kultur- og likestillingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/?ch=11>
- Simonsen, H. G. (2023). Sosiolingvistik. I *Store norske leksikon*. <http://snl.no/sosiolingvistik>
- Simonsen, H. G. & Universitetet i Oslo. (2023). Skriftspråk. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/skriftspr%C3%A5k>
- Skjekkeland, M. (2012). *Språk og kultur: vegar inn i det norske språksamfunnet*. Portal.
- Skjelbred, D., Mortensen-Buan, A.-B., Askeland, N., Bakke, J. O. & Aamotsbakken, B. (2013). Språklig kvalitet i læremidler. *Språkrådets skrifter*, 3. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/spraklig-kvalitet-i-laremidler.pdf>

- Skjær, K. A., Eiksund, H., Fretland, J. O., Holen, G. & Netteland, G. (2008). *Under stadig utvikling.... : rapport om Undersøking av digitale læremiddel på begge målformer*.  
<https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/149557>
- Språklova. (2021). *Lov om språk (LOV-2021-05-21-42)*. Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2021-05-21-42>
- Språkrådet. (2015). *Normering av nynorsk og bokmål*. Språkrådet.  
<http://www.sprakradet.no/Spraka-vare/Norsk/normering/>
- Språkrådet & Nynorsksenteret. (2022). *Rapport om språkbytte: Eit kunnskapsoversyn over språkbytte frå nynorsk til bokmål*.  
<https://www.nb.no/items/3da3cb3bc877bb74fa5c634c62d5687c?page=0&searchText=nynorskdidaktikk>
- Språkrådet & Universitetet i Bergen. (u.å.). *Ordbøkene.no - Bokmålsordboka og Nynorskordboka*.  
Henta 12. mai 2023, frå <https://ordbokene.no/ordbokene.no>
- St.meld. nr. 29. (1995). *Om prinsipper og retningslinjer for 10-årig grunnskole - ny læreplan*. Kirke, utdannings- og forskningsdepartementet. [https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1994-95&paid=3&wid=b&psid=DIVL1325&pgid=b\\_1102&s=True](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1994-95&paid=3&wid=b&psid=DIVL1325&pgid=b_1102&s=True)
- Utdanningsdirektoratet. (2022). *Ny opplæringslov med forskrifter fra august 2024*. Udir.no.  
<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/ny-opplaringslov/>
- Vangsnes, Ø. A., Andersen, M. & Bentzen, K. (2017). Nynorsk språktileigning i eit tospråksperspektiv. I E. Bjørhusdal & I. Brügger Budal (Red.), *Nynorsk med dei minste* (s. 223–238). Samlaget.
- Venås, K. (1991). Mål og miljø. I *Norbok* (3. utg.). Novus. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2007083001005](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2007083001005)
- Wetås, Å. (2022). Språk er lov, ikke valgfritt. *Stat & Styling*, 32(3), 14–16.  
<https://doi.org/10.18261/stat.32.3.5>



Aamotsbakken, B. & Askeland, N. (Red.). (2013). *Syn for skriving: læringsressurser og skriving i skolens tekstkulturer*. Cappelen Damm akademisk.

[https://www.nb.no/search?q=oaiid:"oai:nb.bibsys.no:991315330534702202"&mediatype=b](https://www.nb.no/search?q=oaiid:)  
øker